

Verktøy mot skulevegring hos barn

Arne Henden Aaraas

Industriell design

Innlevert: juni 2018

Hovudrettleiar: Marikken Høiseth, ID

Medveileidar: Ole Andreas Alsos, ID

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Institutt for design



**BLA OM NÅR DU
ER KLAR.**




FORORD

Denne masteroppgåva er skriva ved Institutt for Design ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet våren 2018.

Først og fremst vil eg takke Ingeborg, Marikken, Ole Andreas, Krister og Sindre, som har vore viktige støyttespelar undervegs.

Vidare vil eg takke alle som har bidratt gjennom intervju, omvisingar, tilbakemelding og samtalar. Denne oppgåva hadde ikkje blitt til utan dykk.

A handwritten signature in black ink, consisting of several stylized, connected strokes.



SAMANDRAG

Mål

Målet med oppgåva er å utvikle eit verktøy for å motverke skolevegring hos barn.

Tilnærming

Utviklinga av verktøyet er basert på eit innsiktsarbeid for å forstå skolevegringsproblematikken i praksis. Innleiingsvis vart eit litteraturstudium gjennomført for å skaffe kvantitativ innsikt om skolevegring. Ei menneskesentrert tilnærming vart nytta for å samle innsikt om handtering av skolevegring, viktige aktørar i denne prosessen samt deira behov og erfaringar. Semistrukturerte intervju og observasjonar er utgangspunktet for ei kartlegging av utfordringar knytt til den praktiske handteringa av skolevegring. Analyse av innsikt vart gjort ved hjelp av kartlegging og organisering av data, og vart evaluert kontinuerleg gjennom prosessen.

I ein verkstad med representantar med praktisk erfaring med skolevegring vart designmetodikk nytta for å samle innsikt og utforske retningar for konseptutvikling. Basert på metodar som brukerhistorier, personas, scenarios og prototyping vart eit konsept utvikla og testa saman med barn.

Innsikt

Innsikta i oppgåva belyser skolevegringsproblematikken frå perspektivet til fleire involverte aktørar, primært lærarar i barneskolen, barn og foreldra deira. Innsikta viser at barn som opplever skolevegring ofte har ein kombinasjon av eksternalise-

rande og internaliserande symptom, og at skolevegrarar er ein svært heterogen gruppe. Årsaker til skolevegring varierer, og kan kategoriserast ut frå faktorar hos barnet, i familien, i skolen og i omgjevnadane.

Studie av eksisterande løysingar indikerer at intervensjonar retta mot skolevegring som regel består av kliniske behandlingsopplegg, og føreset ein angstdiagnose hos barnet. Retningslinjer frå forskingslitteratur indikerer at kartlegging av årsaksfaktorar og tidleg intervensjon er avgjerande for effektiv handtering. Vidare viser eit litteraturstudie at god kommunikasjon og rollefordeling mellom dei ulike aktørane er avgjerande for å sikre handtering og oppfølging.

Observasjonar og intervju indikerer at eit fokus på trivselsfremjande arbeid og praktisk tilrettelegging av skolekvardagen med utgangspunkt i barnet sine preferansar og motivasjonar vert nytta i skolebasert handtering av skolevegring.

Resultat

Resultatet består av eit todelt løysingsforslag. Det første forslaget er eit planleggingsverktøy som fasiliterer samhandling mellom fleire aktørar, primært foreldre og lærarar, i gjennomføringa av skoledagen. Det andre er eit samtaleverktøy som fasiliterer tilbakemelding frå barnet. Ein strategi for korleis verktøya kan vidareutviklast og implementerast i ein skolekontekst vert skissert til slutt.



ABSTRACT

Goal

This thesis aims to develop a tool to prevent school refusal behaviour in children.

Approach

The development of this tool is based on preliminary research to understand the challenges of handling school refusal. A literature review was conducted to gain quantitative knowledge about school refusal behaviour. A human centered approach was used to gather insights about the handling of school refusal behaviour, stakeholders and their needs, experience and knowledge. Semi-structured interviews and observations provide an overview of school refusal behaviour from the perspective of important stakeholders. The insights were analysed through organizing and mapping of information, and evaluated continually throughout the process.

With participants having practical experience with children experiencing school refusal behaviour, a workshop was organized to gather further insights and define directions for exploration and ideation. Based on design methods such as personas, user scenarios and prototyping, a concept was developed and tested with children.

Insight

The insight provide an overview of challenges relating to school refusal behaviour from the perspective of key stakeholders, with a focus on teachers in primary school, children and their parents. The

insights show that children with school refusal behaviour often have a combination of internalising and externalising symptoms, and that they comprise a highly heterogeneous group. Factors that contribute to school refusal behaviour vary, and can be categorised as individual, family, school and environmental factors.

A study of existing tools indicate that interventions aimed at school refusal behaviour usually consist of clinical treatments that require an anxiety diagnosis. Guidelines from research literature promote mapping of causal factors and early intervention as crucial aspects of effective handling. Further, a literary review describes good communication and clarification of roles between stakeholders as important factors ensuring practical handling and follow up.

Observations and interviews indicate that a focus on wellbeing and practical facilitation of the school environment based on the preferences and motivations of the children characterise handling of school refusal behaviour in a school context.

Result

The result is a concept that consists of two parts. The first part is a planning tool that facilitates a shared coordination between parents and teachers in the school day. The second part is a conversation tool that facilitates feedback from the child. Finally, a strategy for further development and integration in a school context is outlined.

Oppgåvebeskriving

Denne oppgåva tek for seg utviklinga av eit digitalt verktøy som skal hjelpe barn som opplev skolevegring. Dette inneber ein innleiande innsikts- og analysefase, der ei forståing for skolevegring som fenomen samt utfordringar knytt til handtering av skolevegring har vore målet.

Avgrensing av oppgåva

I arbeidet med denne oppgåva har eg, så godt det har latt seg gjere, tatt utgangspunkt i den norske barneskolen.

Rettleiarar

Frå Institutt for design ved NTNU har Marikken Høiseith vore hovudretteiar for oppgåva. I tillegg har Ole Andreas Alsos bidratt med rettleing og tilbakemelding undervegs.

Masteroppgåve for student Arne Henden Aaraas

Verktøy mot skulevegning hos barn

Tool to prevent school refusal among children

Skulevegning er eit psykososialt problem som påverkar barnets sjølvkjensle og utvikling. Dette kan føre til skulefråvær, som aukar risikoen for at barnet droppar ut av skulen. I behandling av skulevegning er det ofte to utfordringar som er viktig å ta omsyn til – å komme seg til skulen og delta i undervisning, samt å takle emosjonelle problem relatert til skulevegning.

Målet med oppgåva er å utvikle eit spillkonsept som er tilpassa barn som lider av skulevegning, foreldre og barnepsykologar og andre relevante aktørar i helsetenesta. Dette skal fungere som eit verktøy for å få bukt med skulevegning. Løysinga skal kunne brukast av barn og andre som deltek i behandlinga av barn med skulevegning.

Opgaven vil blant annet omfatte:

- Innsiktsanalyse for å kartlegge behov/verdier/interesser hos målgruppen
- Idégenerering og konseptutvikling med testing
- Konseptvalg
- Prototyping
- Detaljering av konsept

Faglig veileder: Marikken Høiseith og Ole Andreas Alsos

Bedriftskontakt/prosjektleder: Sindre Holme, kreativ leder New Work

Opgaven utføres etter "Retningslinjer for masteroppgaver i Industriell design".

Utleveringsdato: 15.januar 2018

Innleveringsfrist: 8.juni 2018

 Trondheim, NTNU, 26.01.2018

Marikken Høiseith

Fagleg rettleiar


Ole Andreas Alsos

Instituttleiar

Ordbok nynorsk - engelsk

- Historieforteljing** : *Storytelling*
Interessentkart : *Stakeholder map*
Skolevegning : *School refusal behavior*
Sjølvestemmingsteori : *Self Determination Theory*
Spelifisering : *Gamification*
Skulking : *Truancy*
Skrivebordsforskning : *Desk research*
Strukturskisse : *Wireframe*
Kognitiv åtferdsterapi : *Cognitive Behavioral Therapy*
Verkstad : *Workshop*

Avklaring av omgrep

Aktør : person eller gruppe som er medverkande og har ein viktig rolle i ein prosess.

Barneskolen : skole i Noreg med elevar på 1.-7. trinn (5-11 år).

Barnet : i denne oppgåva ein referanse til barn – høvesvis i aldersgruppa 7-9 år – som opplever skolevegring.

Bruker : ein som tek i bruk ei teneste eller eit produkt.

BUP :Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk; tilbod i spesialisthelsetenesta for barn og unge.

PPT : Pedagogisk-psykologisk teneste; rådgjevande instans som tilbyr hjelp til tilrettelegging, blant anna til barn og unge, med særskilte behov.

Prosjektgruppa : Ingeborg Bakke Skogsfjord, Krister Fjermestad, Marikken Høiseith, Ole Andreas Alsos, Sindre Holme.

SFO : Skolens fritidsordning; frivillig, kommunalt tilbod for elevar på 1.-4.trinn på barneskolen i Noreg. For barn med særskilte behov gjeld tilbodet for 1.-7.trinn.

Skole : i denne oppgåva brukt om skolen barnet går på. Dersom ikkje anna er opplyst impliserer dette barneskolen, 1-7.trinn.

Skolekontekst : ein situasjon der deltaking på skolen og samhandling med skolesystemet står sentralt.

Skolevegring : emosjonelt ubehag knytt til det å gå på skolen.

Trinn : klassetrinn; på barneskolen fordelt på småskoletrinnet (1.-4 trinn) og mellomtrinnet (5.-7.trinn).

Tackl : verktøyet som vert skildra i prosjektbeskrivinga; eit seriøst spel som skal hjelpe barn og unge som opplever skolevegring.

Verktøy : i denne oppgåva ein referanse til eit digitalt produkt, som er meint å fungere på smarttelefon, nettbrett eller liknande.

INNHALDSFORTEIKNING



Kapittel 1 - Introduksjon

- 4 Kva er skolevegring
- 5 Kvifor skolevegring
- 6 Bakgrunn for oppgåva
- 7 Oppgåva sin struktur



Kapittel 2 - Designtilnærming

- 11 Menneskesentrert design
- 13 Prosess
- 15 Planlegging & Strategi
- 16 Metoder



Kapittel 3 - Innsikt

- 19 Introduksjon
- 20 Litteraturstudie - skolevegring
- 32 Intervju
- 48 Omvising, Enhet B
- 49 Blimedno-konferansen
- 51 Sjølvbestemmingsteori
- 53 Design for barn
- 55 Oppsummering



Kapittel 4 - Analyse

- 59 Introduksjon
- 60 Oversikt over aktørar
- 65 Avgrensingar
- 67 Personas
- 72 Eksisterande løysingar
- 78 Handtering av skolevegring
- 82 Utfordringar
- 85 Oppsummering



Kapittel 5 - Idéar

- 89 Introduksjon
- 91 Verkstad - skolevegring
- 96 Utforsking av idéar
- 107 Val av retning
- 109 Oppsummering



Kapittel 6 - Konseptutvikling

- 113 Introduksjon
- 114 Retningslinjer
- 116 Utvikling
- 117 1. Trivselsplanleggeren
- 124 2. Samtalepartneren
- 140 Testing
- 147 Vidareutvikling
- 151 Oppsummering



Kapittel 7 - Presentasjon av konsept

- 155 Introduksjon
- 156 Scenario 1
- 162 Scenario 2

Kapittel 8 - Diskusjon

- 167 Prosess
- 169 Skolevegring - wicked problem
- 171 Resultat







Introduksjon

| | |
|----------------------|---|
| Kva er skolevegring | 4 |
| Kvifor skolevegring | 5 |
| Bakgrunn for oppgåva | 6 |
| Oppgåva sin struktur | 7 |

KAPITTEL 1



*SOM Å STÅ PÅ KANTEN AV ET
STUP. OG HOPPE.*

Kva er skolevegring?

Skolevegring kan definerast som emosjonelt ubehag knytt til det å gå på skolen. Det kan vere mange grunnar til at barn opplever skolevegring, og årsaksfaktorar varierer frå individuelle forhold som angst og låg meistringskjensle til mobbing og ustruktureerte aktivitetar i skoledagen (Paulsen, 2014).

Faktorar som overgang til ny skole eller nytt skoleår etter sommerferie kan også utløyse skolevegring. Det som ofte kjenneteiknar barn med skolevegring er opplevinga av emosjonelt ubehag, motvilje og fysiske symptom som hovudpine eller vondt i magen.

Kvifor skolevegtring?

Det er vanskeleg å seie akkurat kor mange elevar som opplever skolevegtring. Ein av dei mest brukte indikatorane for skolevegtring er ubegrunna frávær. I 2015 rapporterte 3.6% av norske skolebarn frávær knytt til skolevegtring, det vil seie om lag éin i kvar klasse (Paulsen, 2014).

Samstundes er det tydeleg at noko ikkje stemmer når kvar fjerde elev som startar på vidaregåande skole, ikkje fullfører ("Gjennomføring og frafall i skolen," 2015).

Så er det ikkje nødvendigvis slik at ein ikkje klarer seg med mindre ein gjennomfører 13 år med skolegang. Forsking viser til dømes at dei fleste som droppar ut av skolen, får seg jobb etter kvart (Grønli, 2014).

Kanskje er det likevel nokon av desse barna som eigentleg trivast på skolen, men som av ein eller annan grunn ikkje maktar å komme seg dit. Kanskje nokon av dei elevane som droppar ut på vidaregåande ville fullført dersom dei fekk hjelp til å takle utfordringar på eit tidleg stadium.

Det at nokon barn ikkje kjenner seg trygge på skolen, eller ikkje maktar å komme seg på skolen, er ikkje berre ei utfordring for barnet sjølv. Det er også ei påkjenning for familien og for skolen, og ein trussel for utviklinga og trivselen til barnet på kort og lang sikt.

Å hjelpe desse barna tidleg i skolegangen, er ikkje berre positivt på eit individuelt nivå. Det er ei samfunnsøkonomisk investering som gir avkastning på lang sikt.

Skolevegtring er eit problem som famnar over fleire domene, som involverer ei rekke aktørar, og som kan forståast frå fleire perspektiv. Kompleksiteten i problemet, og moglegheiten for å tilnærme meg problemet frå fleire disiplinær, er noko eg vil utforske i denne oppgåva.

I tillegg ynskjer eg å skaffe ei forståing for dei utfordringane skolevegtring fører med seg. Eg ynskjer å utvikle ei løysing som kan hjelpe barn, foreldre og andre involverte aktørar med å løyse desse utfordringane.

Bakgrunn for oppgåva

Tackl

Tackl er skildra som eit seriøst spel som har som mål å hjelpe barn og unge som opplever skolevegtring. Utviklinga av dette verktøyet er premisset for eit forskingsprosjekt som har fått støtte frå Extrastiftelsen og Rådet for psykisk helse, og som er initiert og leia av Sindre Holme. Bakgrunnen for oppgåva er utforminga av dette verktøyet.

Utdrag frå prosjektsøknad

"Målet med dette prosjektet er å utvikle en pilotversjon av Tackl, et seriøst spill som skal brukes av barn, barnpsykologer og andre som behandler barn med skolevegtring. Behandling med Tackl som hjelpemiddel har to hovedmålsetninger; (1) å hjelpe barn som opplever skolevegtring å komme seg på skolen, og (2) hjelpe disse barna med å redusere symptomer på angst og depresjon.

...

I den første fasen vil prosjektgruppen gjennomføre inngående studier som tar sikte på å forstå brukerne og ders behov. Vi vil analysere eksisterende forskning i tillegg til å benytte oss av etnografiske metoder som intervjuer og observasjonsstudier. Vi vil også benytte brukersentrert designmetodikk som rollespill, idégenererings-workshops og utprøving av enkle prototyper sammen med brukere (barn, foresatte og behandlere)."

Oppgåva sin struktur

I arbeidet med denne oppgåva har eg vald å gjere nokon avgrensingar for å definere kva slags verktøy som skal utviklast, og korleis det skal fungere i ein skolekontekst. Eg har difor vald å bruke ein god del tid på å setje meg inn i skolevegringsproblematikken. Kapittel 3 og 4 handlar om ei forståing for skolevegring samt handteringa av skolevegring i ein skolekontekst. Kapittel 5 og 6 handlar om utforsking av idéar og utforming av eit verktøy for handtering av skolevegring. Nedanfor er ei oversikt over korleis hovudinnhaldet i denne oppgåva er strukturert.



Innsikt

Innsiktsfasen strekk seg frå starten av oppgåva i januar til Blimedno-konferansen den 18.april. Grunnlaget for dette kapitlet er informasjonsinnhenting i form av litteraturstudie, intervju av lærarar og forskarar, omvising på ein behandlingstusjon, og deltaking på ein konferanse med fokus på barn sin helse. Kapitlet avsluttar med ei drøfting av den informasjonen som har kome fram, og blir oppsummert i form av ei innsiktsfråsegn. Eit sekundært litteraturstudie vart også gjennomført for å få ei oversikt over høvesvis design for barn og sjølvbestemmingsteori.



Analyse

Evaluering av innsikt dannar grunnlaget for analysekapitlet. Ved hjelp av ei interessentanalyse, personas, studie av eksisterande løysingar og utarbeiding av ein modell for handtering av skolevegring dannar dette kapitlet eit bilete av skolevegring i ein praktisk skolekontekst. Basert på analyse av innsikt vert ei oversikt over utfordringar knytt til handteringa av skolevegring presentert. I tillegg utgjer avgrensingar av målgruppa, samt eit fokus på førebygging og tidleg intervensjon, grunnlaget for vidare konseptutvikling.



Idéar

Involvering av personar som har erfaring med skolevegring gav retningslinjer for ein idéutforsking. Retningar for konseptutviklinga vert drøfta med utgangspunkt i funn frå dei to foregåande kapittela, før det blir grunngeve for val av konsept.

To konseptretningar vert tatt med vidare frå denne fasen: eit planleggingsverktøy (Trivselsplanleggeren) og eit samtaleverktøy (Samtalepartneren). Fokuset for konseptutviklinga er på sistnemnde.



Konseptutvikling

Basert på retningslinjer for konseptet vert utviklinga av funksjonalitet, innhald og estetikk i konseptet presentert. Konseptet har blitt utforska gjennom skisser og enkle grensesnitt, og iterert på bakgrunn av tilbakemeldingar undervegs samt funn frå innsiktsfasen. Til slutt vert ein del av konseptet detaljert i form av ein klikkbar prototype og testa saman med barn frå målgruppa.





Design- tilnærming

| | |
|-------------------------|----|
| Menneskesentrert design | 11 |
| Modell for prosessen | 13 |
| Planlegging & Strategi | 15 |
| Metoder | 16 |


Menneskesentrert design

Denne oppgåva tek utgangspunkt i skolevegring slik det opplevast av barnet sjølv, samt dei som er i nær relasjon til barnet. Behova, ønska og avgrensingane til dei involverte menneska har vore rettleiande i alle delar av designprosessen og utviklingsløpet.

Involvering av barn som opplever skolevegring har vore ein utfordring. Dette kjem blant anna av at desse barna, og personane i tilknytning til barnet, er i ein sårbar situasjon der involvering av utanforståande er problematisk.

Difor har samarbeid med personar som jobbar i nær relasjon til barna vore avgjerande for å kartlegge behov, motivasjonar og ønsker til dei aktørane som er involverte i handtering av skolevegring.

DESIGNTILNÆRMING



Behova, interessene og motivasjonane til menneska som er involverte i skolevegving er utgangspunktet for oppgåva.



Modell for prosessen

I planlegginga av designprosessen har eg vald å ta utgangspunkt i Double Diamond-modellen, slik den er framsatt av British Design Council (Council, 2018). Modellen fungerer som ein forenkla visuell oversikt over designprosessen.

1. Utforske

Utforskingdelen av oppgåva er basert på eit studie av skolevegringsproblematikken frå både eit kvantitativt forskingsperspektiv og eit kvalitativt menneskeperspektiv. Denne fasen involverer ei forståing av skolevegring som fenomen, samt korleis problemet opplevast av foreldre, lærarar og barna sjølve. Innsikta blir visualisert og sett inn i eit system som kan brukast for å skape ei heilskapleg forståing av skolevegring.

2. Utforme


Basert på ei forståing for skolevegring vert idéar til løysingsforslag og retningar utforska. Med utgangspunkt i analyse av innsikta har det blitt gjort ei kartlegging av behov som legg føringar for utforminga av løysinga.

3. Utvikle

Idéar for løysingar blir vidareutvikla og detaljerte i form av prototypar. Det foreslåtte konseptet vert presentert i form av brukerhistorier som gir ei oversikt over korleis løysinga kan fungere i kvardagen, og gje verdi til dei ulike aktørane.

I denne oppgåva har ikkje den fjerde fasen, *Levere*, vore eit fokus.

DESIGN TILNÆRMING



Double Diamond modellen er delt inn i fire faser: Utforske (Discover), Utforme (Define), Utvikle (Develop) og Levere (Deliver).
Bilte: Skjermdump frå <https://www.designcouncil.org.uk>

Planlegging

Eit Gantt-skjema vart laga i starten av prosessen for å få ei oversikt over kva slags arbeidsoppgåver som måtte utførast innanfor dei ulike fasane.

Denne planen fungerte som ein referanse, særleg i utforsknings- og utformingsfasen. Samstundes har organisering av mindre oppgåver og endringar i planen blitt handtert med gjeremålsverktøyet Trello.

Strategi

Prosjektbeskrivinga som ligg til grunn for utforminga av denne oppgåva, legg nokon føringar for arbeidet. I tillegg har eg definert følgjande forskingsspørsmål for oppgåva:

- 1) Kva ligg i omgrepet skolevegring?**
- 2) Kva slags problem relatert til skolevegring skal verktøyet løyse?**
- 3) Korleis skal løysinga implementerast, og kven er ansvarlege?**

Svaret på desse spørsmåla dannar eit grunnlag for å definere innhaldet i verktøyet. Dette inneber også ei avgrensing av fokuset i oppgåva.

I starten av oppgåva har eg på meg forskingsbrillene, og studerer skolevegringsfenomenet frå eit utside-inn perspektiv. Etter dette har eg tatt på designbrillene, og med eit brukersentrert innside-ut perspektiv sett på korleis dei praktiske utfordringane relatert til skolevegring kan løysast.

Metoder

I val av metodar har eg tatt utgangspunkt i eit langsiktig mål for utviklinga av Tackl slik det kjem fram av prosjektsøknaden (s.6). Her vil den første fasen (vår 2018) innebere eit fokus på innsiktsarbeid for å kartleggje skolevegringsproblematikken.

Litteraturstudie

Eit premiss for å forstå oppgåva har vore å kartlegge eksisterande informasjon, basert på forskingsartiklar, nettsider, bøker og rapportar. I den første delen innsiktsfasen vart eit litteraturstudie gjennomført for å finne ut meir om det problemet som er utgangspunkt for oppgåva: skolevegring.

Semistrukturerte intervju

Eit semistrukturert intervju har eit opent format, der idéar og ting som blir sagt undervegs kan dra intervjuet i ulike retningar. Som intervjuer er det vanleg å førebu eit sett med spørsmål som er ønska besvart, eller nokon tema som skal utforskast. På denne måten kan ein fokusere på viktige tema som kjem fram utan å vere avgrensa til eit spesifikt format.

Interessentkart

Eit interessentkart er ei visuell framstilling av dei involverte aktørane, og blir brukt for å analysere samspelet mellom dei ulike aktørane som er involverte.

Personas

Personas er fiktive karakterar som er utvikla for å skildre ulike brukarar sine åtferdsmønster i representative profilar, for å humanisere designfokuset, teste scenarier og støtte designkommunikasjon (Hanington & Martin, 2012) s. 132.

Prototyping

Prototyping er utvikling av handfaste gjenstandar i ulik grad av detaljering, med føremål om å utvikle og teste idéar med kollegar, klientar og brukarar (Hanington & Martin, 2012) s. 138.

Historieforteljing

For å kommunisere konsept, valde eg å benytte historieforteljing fordi det er ein enkel og intuitiv måte å dele viktige innsikter og idéar. Ved å plassere verktøyet i ein narrativ, kan konseptet formidlast gjennom brukarane sine perspektiv.





Innsikt

| | |
|---------------------------------|----|
| Introduksjon | 19 |
| Litteraturstudie - skolevegring | 20 |
| Intervju | 32 |
| Omvising, Enhet B | 48 |
| Blimedno-konferansen | 49 |
| Sjølvsbestemmingsteori | 51 |
| Design for barn | 53 |
| Oppsummering | 55 |

Introduksjon

Dette kapitlet er ein presentasjon av det innsiktsarbeidet eg har utført, først og fremst gjennom litteraturstudie og intervju av forskarar, lærarar og behandlarar. Intervju med lærarar og behandlingsteam, som jobbar med barn på ein dagleg basis, gjev eit innblikk i korleis skolevegning utartar seg i praksis, og kva slags tiltak som vert brukt i skolen for å både førebygge og handtere skolevegning.

Undervegs i innsiktsarbeidet har eg utvida søkjefeltet frå skolevegning som fenomen til faktorar som bidrar til motivasjon og trivsel. Dette inneber blant anna ein studie av sjølvbestemmingsteori. I tillegg presenterast retningslinjer for design for barn, som har blitt brukt som ein referanse under konseptutviklinga.

Avslutningsvis nemner eg Blimedno-konferansen som eg deltok på 18.april. Fokuset var på barn sin trivsel, og elevar frå barneskular i Trondheim presenterte sine egne funn basert på forskning på psykisk helse, kosthald og fysisk aktivitet. Oppsummert byrjar altså kapitlet med eit akademisk utside-inn perspektiv, og beveger seg gradvis mot eit meir empirisk innside-ut perspektiv.

Litteraturstudie- skolevegring

Denne oppgåva starta med eit litteraturstudie av skolevegring. Her søkte eg først og fremst etter informasjon som var relatert til empirisk forskning på skolevegring.

Teksten i dette avsnittet gjev ei oppsummering av funn knytt til skolevegring, frå ein noko krunglete definisjon, via forklaringsmodellar som forsøker å setje skolevegring i eit system, til retningslinjer for handtering av skolevegring hos barn og unge.



School refusal behavior refers to a child-motivated refusal to attend school and/or difficulty remaining in classes for an entire day.

(Christopher A Kearney, 1996) s.1

Definisjon

Skolevegring (eng. *school refusal*) opptrer hos barn som vil, men ikkje maktar å gå på skolen. Skolevegring kjenneteiknast ofte med eit angstliknande emosjonelt ubehag. Skolevegring er ikkje ein diagnose, men ei samlenemning på ei rekkje symptom.

I forskingslitteraturen vert omgrepet *skolevegring* brukt på forskjellige måtar og med ulike føremål; definisjonen ovanfor er generell og gjeld på tvers av årsak, diagnose og kontekst.

Skolevegring som omgrep gjev ikkje nødvendigvis ei dekkjande skildring av ein elev sine konkrete vanskar. Det kan difor sjåast på som eit kontekstbasert problem fordi omgjevnadane rundt i mange tilfelle har mykje å seie for den åtferda som utvisast (Knollmann, Knoll, Reissner, Metzelaars, & Hebebrand, 2010).

Skolevegring

Alvorleg emosjonelt ubehag rundt det å vere på skolen; kan involvere angst, fysiske symptom eller temperamentsanfall.

Foreldre veit som regel om fråværet; barnet prøver ofte å overtale foreldre om å la han eller ho vere heime.

Fråvær av betydeleg antisosial åtferd som aggresjon og slåssing.

Barnet er heime i skoletida fordi det blir ansett som eit trygt miljø.

Barnet uttrykkjer vilje til å gjere skolearbeid, og går med på å gjere dette heime.

Skulking

Mangel på nemneverdig angst eller frykt knytt til å vere på skolen.

Barnet prøver å skjule fråværet frå skolen; foreldre er som regel uvitande om kvar barnet befinner seg.

Viser ofte åtferdsproblem som steling, slåssing, lyging, gjerne saman med andre.

Barnet er som regel heime i skoletida.

Manglar interesse i skolearbeid og er uvillig til å tilpasse seg akademiske og åtferdsmessige forventningar.

Faktorar som differensierer skolevegring frå skulking. Kjelde: (Thambirajah et al., 2008) s. 20

Kommentar

Det å skilje mellom skolevegring og skulking kan i nokon tilfelle vere misvisande, sidan skolevegring ofte gjer seg utslag i ubegrunna fråvær frå skolen. Ei oversikt over årsaksfaktorar er eit betre utgangspunkt for å forstå problematikken enn karakteristikkar av åtferd.

Kategoriar

Skolevegrarar er ein kompleks kategori å handtere. I forskingslitteraturen vert skolevegring skildra som *kausalt heterogent* fordi den individuelle årsaka til skolefråværet varierer, og ofte er ein kombinasjon av fleire faktorar. Dette er viktig å vere merksam på for å få ei forståing av utfordringar knytt til handtering av skolevegring.

Ein av dei mest anvendte modellane for kategorisering av skolevegring er ein funksjonell modell utvikla av Christopher A. Kearney. Denne forklarar åtferd knytt til skolevegring ut frå fire motivasjonar (sjå modell nedanfor).

I denne modellen er punkt 1 og 2 kjenneteikna av negativ forsterkning, ved at oppførselen vert forsterka ved unnlatning av ubehagelege situasjonar. Punkt 3 og 4 er positivt forsterka, ved at oppførselen vert forsterka gjennom merksemd eller belønningar.

1

Unngå negativ affekt som oppstår i situasjonar relatert til skolekvardagen

3

Oppsøke merksemd hos omsorgsperson(ar)

2

Rømme frå sosial aversjon eller situasjonar som inneber evaluering

4

Oppsøke handfaste forsterkingar utanfor skolen

Kjelde: (Christopher A. Kearney, 2002) s.1

Casey is a 9-year-old girl who sometimes runs out of her classroom and down the street toward her house for no apparent reason.

Trevor is a 6-year-old who cries every morning before school, clings to the staircase banister, and begs his mother not to take him there, saying 'I don't like it there.'

Justin is a 12-year-old boy who just started 7th grade and, feeling overwhelmed, slips out of school an hour or two early with friends almost everyday.

Ashley is a 15-year-old girl who is so terrified of tests and gym class that she does all she can to avoid school on certain days when these events occur.



1



Personlege faktorar

återferdsvanskar, redsel for å feile, låg meistringskjensle, angst, sosial fobi.


2



Familiefaktorar

endringar/bortfall i familien, overbeskyttande foreldre, manglande involvering frå foreldre.

3



Skolefaktorar

vanskar med medelevar, spesifikke aktivitetar i skolen, overgang til ny skole, struktur på skoledagen, uidentifiserte læringsvanskar

4



Omgjevnader

aukande akademisk press, inkonsistent profesjonell rådgeving og utilstrekkelege støyttetenester

Risikofaktorar relatert til skolevegring.
Kjelde: (Heyne, 2006; Heyne & King, 2004; Thambirajah et al., 2008)



Billete: Michael Janek @ Unsplash

Prevalens & distribusjon

Forskning indikerer at prevalensen av skolevegring er ein plass mellom 1-2% (King et al., 1998) og 5% (Sewell, 2008). Trude Havik, som har skrive doktorgrad om skolevegring, seier at «**antall barn som selv rapporterer fravær av grunner man kan knytte til skolevegring, er 3,6 prosent, det vil si én i hver klasse.**» (Paulsen, 2014). Variasjonen i prevalens kan forklarast med sprikande definisjonar av skolevegring, og ulike inklusjonskriterier i studier av barn med skolevegring.

(Christopher A. Kearney & Beasley, 1994) utførte ein studie av prevalens av skolevegring hos 5-17-åringar. **Resultata viste høgaste prosentandel i aldersgruppa 7-9 år (31.5%),** og lågaste prosentandel hos aldersgruppene 5-6 år (11.2%) og 16-17 år (15.2%). Skolevegring har vist seg å vere jamnt fordelt mellom gutar og jenter (Fremont, 2003; Guare & Cooper, 2003).

Risikofaktorar

Skolevegring kan oppstå etter eit lengre skoleavbrot, i overgangen til ein ny skole eller i samband med opplevingar som på andre måtar blir opplevd som stressande for barn. Vanlege risikofaktorar er oppsummert til venstre.



Over 30 years ago, scholars wondered whether reductions in young people's emotional distress helped increase school attendance or vice versa.

(Maynard et al., 2018) s. 2

Konsekvensar

Korttidskonsekvensar inkluderer akademisk stagnasjon, problem med sosial tilpassning (Berg, Butler, & Hall, 1976), påkjenning for familien (Heyne et al., 2002) og skoleansette (McAnanly, 1986) på grunn av usikkerheit knytt til handtering av skolevegringa.

Langtidskonsekvensar inneber risiko for vedvarande psykiske problem i ungdomsår og vaksen alder (Berg & Jackson, 1985; Flakierska-Praquin, Lindström, & Gillberg, 1997; McCune & Hynes, 2005).

Behandling

Kognitiv åtferdsterapi er no eit veletablert behandlingsopplegg (Walkup et al., 2008), og blir betrakta som empirisk basert for unge med angst (Silverman & Hinshaw, 2008).

Det finst ei rekkje program og behandlingsopplegg retta mot skolevegring. Blant desse finn vi 'FRIENDS program' (Lowry-Webster et al., 2001), 'Cool Kids Program' (Mifsud & Rapee, 2005), 'Coping Cat program' (Kendall & Hedtke, 2006) og 'Modular CBT for anxious youth' (Ginsburg et al., 2012).

Faktorar som bidrar til positive prognoser inkluderer låg alder, tidleg intervensjon og godt forhold mellom barn og foreldre (Christopher A. Kearney, 2001).

Kommentar

Forsking på skolevegring kjem hovudsakleg frå USA. Resultata som kjem fram i litteraturstudiet kan ikkje utan vidare overførast til den norske skolen utan å ta kulturelle og samfunnsmessige omsyn.

Omgrepet skolevegring vert brukt om ei rekkje ulike symptom, og forskingsartiklar som måler effekten av intervensjonar mot skolevegring har lagt ulike definisjonar til grunn for arbeidet sitt. Til dømes vert skolevegring relatert til diagnostisering og behandling av angstlidningar i nokon tilfelle.

Som noko av forskinga sjølv påpeiker, kan *skolevegring* vere ein mangelfull skildring av ein elev sine utfordringar. I seg sjølv kan ordet implisere at problemet først og fremst har opphav i psykologiske faktorar hos barnet sjølv. Imidlertid viser litteraturstudiet at skolevegring er eit symptom på problem som eksisterer i ein større kontekst i omgjevnadane til barnet.

Refleksjon - litteraturstudie

Korleis forstå skolevegring

Dersom det er ein ting eg vil trekke fram som det viktigaste funnet frå litteraturstudiet, så er det at skolevegring må forståast som eit **symptom** på andre faktorar. Barn som vil gå på skolen, men av ulike årsakar ikkje maktar å gå på skolen, opplever skolevegring. Det er som oftast fleire årsakar som bidrar til skolevegring; forskingslitteraturen skil blant anna mellom faktorar som forårsakar og faktorar som opprettheld skolevegring. Desse er igjen fordelt på område som forhold i familien, på skolen, hos barnet og i miljøet.

Oppsummert kan vi seie at det finst mange ulike **stressfaktorar** som kan påverke eit skolebarn: å begynne på eit nytt skoleår etter sommarferien, forventningar om å gjere det bra på ei prøve eller å finne nokon å leike med i friminuttet. Stress kan vere positivt ved at vi skjerper sansane og presterer betre, medan det i andre tilfelle kan føre til emosjonell uro og negative tankar. På engelsk skil ein mellom *eustress* eller positivt stress; som får oss til å prestere betre, og *distress*, negativt stress som får oss til å prestere dårlegare.

Dersom ein opplever at ein ikkje meistrar noko, vil dette kunne oppfattast som eit personleg nederlag. Neste gong ein kjem opp i ein liknande situasjon, vil ein naturleg respons vere å unngå kjensla av at ein ikkje fekk det til. Slik oppstår eit mønster av **negativ forsterking**; kvar gong ein unngår problemet, veks problemet, og førestillinga av at ein ikkje taklar det. For å takle angst, viser forskinga at eksponering for dei situasjonane som forårsakar angsten er avgjerande.

Eit viktig funn frå litteraturstudiet er at symptom på skolevegring ofte er **komorbide**. Det vil seie at dersom ein først har eit symptom på skolevegring, så har ein ofte eit eller fleire andre symptom i tillegg. Difor kan ein ikkje skrive ut ein resept og forvente at denne skal fungere på alle barn som opplever skolevegring.

Eit av omgrepa som ofte blir nemnd i samband med skolevegring er **negativ affekt**. Negativ affekt (eng. *negative affectivity*) er ei oppleving av negative kjensler og låg sjølvkjensle. Det er ikkje slik at all negativ affekt er skolevegring; slike kjensler er normalt å oppleve frå stund til anna. Det forskinga imidlertid viser er at hos barn med skolevegring, er negativ affekt ofte forekommande.

Sjølvs om tala frå forskinga varierer, er skolevegring høgt forekommande i aldersgruppa 7-9 år. Anbefalingar og oppfølgjingsstudier peikar på **tidleg intervensjon** som viktig for gode prognoser. Ved å nå unger i denne alderen, kan ein unngå at angstrelatert skolevegring fører til sosiale og psykiske vanskar i vaksen alder.

Skolevegring som eit spektrum

Skolevegring er som sagt ei samlenemning på fleire symptom, og ikkje ein psykisk diagnose i seg sjølv. Skolevegring er eit spektrum; mange vil oppleve ein eller annan form for skolevegring i løpet av skolegangen. For nokon vil dette vere ein forbipasserande fase, eit problem som går over meir eller mindre av seg sjølv. For andre kan problemet få stor innverknad på kvardagen, og føre til fråvær frå skolen over lengre periodar, tilpassingsvanskar og mangel på fagleg og sosial utvikling.

Ved å forstå årsaken til skolevegringa - som gjerne består av fleire delårsakar og som manifesterer seg i ulike internaliserande og eksternaliserande symptom - kan vi i større grad differensiere mellom ulike former for skolevegring. Uansett kva for ein modell ein tek utgangspunkt i, er det viktig å svare på spørsmålet: **Kvifor vil ikkje barnet gå på skolen?** Svaret på dette spørsmålet vil danne utgangspunktet for handteringa av skolevegring.

Behandling av skolevegring

Ut frå oppfølgjingsstudier og randomiserte kliniske testar (eng. *randomized clinical trials*; RCT) ser vi at klinisk behandling av skolevegring gjennom kognitiv åtferdsterapi fungerer for over halvparten av barna som deltek. Dermed er det indikasjonar på at ein kan nyttiggjere innhaldet i denne behandlingsmetoden i utforming av eit verktøy som skal passe inn i ein normal skolekvardag.

Samstundes er det viktig å understreke at studier som underbyggjer etablerte behandlingar retta mot psykisk helse stort sett er basert på klinisk utvalde grupper, og ikkje nødvendigvis kan anvendast for mildare former for skolevegring som ofte forekommer i skolane.

I tillegg er det verd å merke seg at lærar og ansatte i opplæringsinstitusjonar ofte er dei første til å oppdage og utarbeide strategiar for å behandle skolevegring. Likevel er det nesten ingen studier som fokuserer på arbeidet som blir gjort blant praktiserande på skolenivå.

KAPITTEL 3

Intervju

Etter å ha gjennomført eit litteraturstudie på skolevegring, ville eg skaffe meg ein meir empirisk forståing for korleis skolevegring utarta seg i praksis. Dei intervju som har blitt gjennomførte har vore semistrukturerte, ved at eg har definert nokon samtalepunkt og spørsmål som eg ville finne svaret på i forkant av intervju.

I forkant av intervju kontakta eg lærarar, helsesøstre, psykologar og forskarar. Ved å snakke andlet til andlet med personar med erfaring og kunnskap med skolevegring, var føremålet å få ei forståing for dei praktiske utfordringane relatert til skolevegring, og handteringa av problemet i ein skolekontekst.

Personar som deltok på intervju fekk utdelt eit samtykkeskjema på førehand (sjå Vedlegg). Unntak er intervju nr. 2 og 6, der det vart underretta munnleg om føremålet med intervjuet, og handtering av opplysingar som kom fram. Av hensyn til sensitive opplysingar er nokon av deltakarane anonymiserte.



Lærarinne, 2.trinn

Denne teksten er ei gjenforteljing av ei lærarinne sin erfaring med skolevegring, og er basert på eit intervju gjennomført den 20. februar.

Lærarinna har ein elev i klassen som har skolevegring, som ikkje vil på skolen fordi hen slit sosialt. Eleven har andre på skolen som vil vere med hen, men vil helst ha ein bestevenn. **Det er mest i frileiken at hen sliter**; i klassen og undervisninga elles går det greit, og eleven fungerer fint i lag med andre så lenge leiken er organisert. Hen har likevel ikkje bestevenner i klassen, og føler seg litt utanfor. Lærarinna seier at eleven “alltid hamnar mellom elevar i klassen og venner frå andre klassar”.

I småskolen har friminuttet og venner “alt å seie”, seier lærarinna. Eleven vil ikkje på skolen fordi ho ikkje taklar friminutta. Samstundes ser eleven ut til å trivast og viser teikn på meistring i timane. Sjølv om hen kan vere ein “stråle” inne, så kan hen kanskje sjå glad ut, men så er hen eigentleg trist.

Eit tiltak som vart iverksett tidlegare var **faste leikegrupper**, som var organisert på tvers av klasser. Foreldra tek problemet alvorleg, og **vil gjerne samarbeide med skolen** for å få eleven motivert til å gå på skolen. Dei fortel om ein kamp heime for å få barnet på skolen om morgonen.

Når eleven er ute i friminuttet, svarar hen “**veit ikkje**” på nesten alle spørsmål; det ser ut som ho låser seg. Ein gong to venegjenger ville leike med hen, kom dei bort til lærarinna og ba hen om å bestemme kven eleven skulle leike med.


Eleven har nemnd ei anna i klassen som hen gjerne vil vere med, og lærarane har forsøkt å kople desse saman, men andre elevar har lett for å falle tilbake til den “gamle” gjengen sin.

Skolen har vurdert det å bytte klasse som ein mogleg løysing, blant anna fordi det fins

 **Innføre
leikegrupper**

 **Planlegge med
foreldre**

 **Bruke tid i SFO**

 **Foreslå
lekekameratar**

Nokon av tiltaka skolen har tatt i bruk.

elevlar i ein annan klasse som er meir like hen. Lærarinna seier det er ei utfordring når det blir eit fokus på klassar frå tidleg av, og dersom ein er uheldig kan ein hamne i feil klasse.

Lærarinna nemner at einsemd kan vere ei utfordring seinare i livet også, særleg blant dei som hamnar utanfor gjengar og klikkar. Soleis meiner ho at lærarar har eit ansvar for å legge til rette for sosial tilhøyring. Ho nemner også at fleire elevlar slit med å ta val knytt til kven ein skal leike med, og at det har fungert godt dei gongane lærarane tek ansvar og organiserer leiken for elevane. Av og til har det blitt møtt med litt misnøye blant elevane. Tiltak som organisert leik fungerer der og då, seier lærarinna, men ting har lett for å falle tilbake til dei same, gamle gruppene.

Til no har ikkje skolevegringa gått ut over det faglege, men om det fortset, meiner lærarinna at det fort kan gjere det. Ho seier ei av utfordringane ved å jobbe med dette problemet er at det er ressurskrevjande å planlegge og gjennomføre tiltak for å betre situasjonen i løpet av ein skoledag, i tillegg til å ha ein god oppfølging av eleven over tid.

Kommentar

Leik, både i friminutta og på SFO, blir trekt fram som ein viktig aktivitet med ein sosialisierende funksjon. I tillegg kan forhåndsbestemte aktivitetar vere ein måte å initiere sosiale inkluderingsprosessar på, og bidra til eit større mangfald på tvers av dei enkelte klassene. Lærarinna seier også at det er utruleg viktig å ha nær kontakt med foreldra til elevane.

KAPITTEL 3

Lærer, 4.trinn

2

Intervju av lærar på 4.trinn ved barneskole i Trondheim. Tema for intervjuet er skolevegring hos ein tidlegare elev ved skolen. Teksten nedanfor er ei gjenforteljing av denne samtalen.

Redigert utdrag frå samtale, del 1

Arne : «Du har nevnt at du har hatt ein elev som har hatt skolevegring. Kan du fortelle litt om denne prosessen?»

Lærer : «Det ble oppdaget ved at vi fikk en magesfølelse av at noe ikke stemte. Det begynte med økende fravær. Dette var en elev som var litt lukket, og som var vanskelig komme innpå, å få kontakt med. Hen svarte gjerne på spørsmål, og det var en skolefink elev med gode evner. Vi slapp ikke til, selv om vi prøvde forskjellige varianter. Vi sjekka fraværet, og fikk beskjed om at dette var på grunn av sykdom. Hen hadde begynt å gå til skolen, men dro hjem etter at foreldrene dro på jobb. Når eleven ble spurt hva som var problemet, svarte hen etter hvert at hen følte seg litt utenfor.

...

Vi fikk mer og mer dialog med eleven. Vi opprettet faste samtalepunkter, både en liten prat hver dag, i tillegg til en eller to mer grundige samtaler hver uke, og det hjalp for å tøy opp stemninga.»

Læreren fortel at etter kvart som skolen innførte tiltak på eleven sine premiss, vart hen meir og meir delaktig, og begynte å dele meir, blant anna om sine egne framtidspanar. "Eleven var i ferd med å komme inn i et uheldig mønster, som vi etter hvert fikk brutt", seier læreren. I tillegg til kontaktlærer, var andre lærarar på skolen med på å snakke med eleven, og deltok i planlegging og tilrettelegging av skoledagen.

Redigert utdrag frå samtale, del 2

A: «Det å følge opp en elev må jo vere ganske ressurskrevande?»






L: «Ja... men det er ikke nødvendigvis antall lærerstillinger det står på. Det går mer på å gjøre lure valg, at du lager en gjennomførbar, enkel plan. Jeg tror ikke det ble tilført noen ekstra ressurser i det tilfellet her. Det ble ryddet tid, så jeg fikk tatt en samtale med eleven hver dag. Da er det mer snakk om organisering enn om ressurser. I stedet for å sette seg bakpå og si nei, vi får ikke til å snakke med eleven, må man justere litt og spørre seg: hvor er mulighetene her?»

Læraren fortel at eleven fekk regulere tempoet, men at skolen likevel utøvde eit mildt press. I dette tilfellet var faste samtalar brukt for å byggje relasjon mellom læraren og eleven, samstundes som at hen ikkje vart pressa til å snakke om skolevegringa. I starten kunne dei også snakke om ting som var uproblematisk; det var opp til eleven kor mykje hen ville fortelje. Når eleven signaliserte at hen var klar for å gjere noko, til dømes ta ordet i klasserommet, la skolen til rette for at dette blei gjort på ein normal måte.

Denne skolen jobbar mykje med å byggje og kartlegge relasjonar mellom eleven og skolen; dersom nokon elevar ikkje har ein nær relasjon til nokon av lærarane på trinnet, blir det innført tiltak for å få til dette. Læraren nemner relasjonsbygging som eit viktig, kontinuerleg arbeid i skolen.

Skolen har også digital registrering av fråvær, der leiinga blir involvert dersom ein elev har eit uregelmessig høgt fråvær i løpet av den siste tida. Samstundes seier læraren at dette er noko ein får ein magesfølelse av når ein opplever fråværet i praksis.

Med det nye kapittel 9a i opplæringslova, nemner læraren at foreldre kan melde ei sak til fylkesmannen ved problem relatert til barnet sin trivsel på skolen. Samstundes har skolen aktivitetsplikt, der dei må dokumentere at dei har gjort det dei kan for å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø for eleven.

-  **Gruppering av elever i undervisninga**
-  **Ta imot forslag frå eleven om tiltak**
-  **Faste samtalar med eleven**
-  **Faste møter med foreldre**
-  **Bruke tid på relasjonsbygging**

Nokon tiltak skolen tok i bruk for å handtere skolevegning.

Forskarar, NTNU Samfunnsforskning

3

Den 20.februar intervjuar eg Christian Wendelborg og Joachim Caspersen ved NTNU Samfunnsforskning. Dei har blant anna jobba med analyse av Elevundersøkelsen, som kartlegger elevane sin oppleving av trivsel og læring i skolen. Temaet for intervjuet er det psykososiale skolemiljøet til skolebarn og SFO-ordninga i den norske skolen. Nedanfor vil eg oppsummere noko av det som kom fram under intervjuet.

I den siste Elevundersøkinga melde om lag 4,6% av elevane at dei opplever å bli mobba. På ungdomstrinna er det meir mobbing, seier forskarane. Gutane opplever meir fysisk mobbing, medan jentene opplever meir psykisk mobbing.

Prestasjonspress i skolen kan føre til mistrivsel og mangel på motivasjon. Blant viktige faktorar for trivsel hos barn nemner dei forholdet til læraren og familien sin verdi av og tilknytning til skolen. Blant viktige faktorar for det psykososiale miljøet nemner dei emosjonell støtte i kvardagen, og kjensla av tilhøyring i klassen og på skolen.

Utdrag frå intervju

Arne : “Kva slags funksjon har SFO i dagens skole?”

Joachim : «Det er nok ganske varierende. I Oslo har man aktivitetsskolen, som skal være en læringsstøttende arena. I Trondheim legges det mer vekt på fri lek og barns egeninitierte aktiviteter.»



“...DET KAN VÆRE VANSKELIG FOR
BARN Å SETTE ORD PÅ TING DE IKKE
HAR VOKABULAR FOR,
FOR EKSEMPEL SELVFØLELSE.”

Tonje Zahl-Thanem

4

Den 9.april intervjuer eg Tonje Zahl-Thanem, doktorgradsstipendiat ved NTNU Samfunnsforskning. Ho har vore involvert i Tidlig trygg i Trondheim (TtiT) sidan 2009, eit langsgåande studie som har fulgt om lag eitt tusen barn og deira familiar annankvart år sidan fireårsalderen.

Tonje fortel at barna testast på blant anna ordforståing, hukommelse, konsentrasjons- evne og impuls kontroll. Hennar arbeid er knytt til fysisk aktivitet. Det å ha eit **oversiktleg bilete av barna** nemner ho som ein fordel for å finne korrelasjonar mellom til dømes fysisk aktivitet og psykisk helse.

Eit funn frå oppfølgingsstudier av 8- og 10-åringar er at jo meir moderat og høg fysisk aktivitet, jo mindre depressive symptom 2 år seinare, uavhengig av grad av forekomst av depresjon i utgangspunktet. Dette er eit

døme på eit universelt forebyggjande tiltak som kan fremje psykisk helse.

For ein person med få eller ingen symptom, vil kanskje ikkje effekten av eit slikt tiltak vere like stor som hos ein person med 8-9 symptom, fortel Tonje. Ho nemner vidare at **dei aller fleste har nokon symptom** på psykiske lidningar som ADHD og angst. I dei fleste tilfelle vil ikkje dette utgjere alvorlege funksjonsnedsetjingar, eller kvalifisere til ein diagnose.



KAPITTEL 3

Om Tidlig trygg i Trondheim

Tidlig trygg i Trondheim starta i 2007, og er eit langsgåande studie som har fulgt eit tilfeldig utval av 1000 4-åringar og deira familiar. Gjennom TtiT blir barn fulgt opp annankvart år og kartlagde ved hjelp av intervju, spørjeskjema, testar og observasjon (Wichstrøm, 2018).

Slike kvalitative oppfølgingsstudier er sjeldne, og kan gje verdifull innsikt i kva kontekstuelle faktorar som personlegdom, familierelasjon og sosialt samspel har å seie for barn sin utvikling.

Funn frå studiet

Om lag 7 prosent av førskolebarn i Noreg slit med psykiske problem (Brandslet, 2015). Forskarane deler barn med psykiske problem inn i to overordna kategoriar; **barn med ADHD** eller åtferdsvanskar, og **barn med angst eller depresjonar**. Barn med utagerande åtferd har større sannsyn for å bli sett og motta hjelp, **medan barn som er stille eller engstelege har ein tendens til å glippe unna.**

5

Behandlingsteam, Enhet B

I dette intervjuet frå 1.mars fortalde ein psykolog, ein miljøterapeut og ein lærar ved Enhet B om korleis dei arbeider med skolevegring. Utgangspunktet for intervjuet var historia om ei jente som vart behandla ved eininga, og som hadde eit nokså alvorleg tilfelle av skolevegring. Denne behandlingseininga tilbyr utrednings- og behandlingsslassar for barn i alderen 4-14 år samt deira familiar ("Barn enhet B," 2018).

Denne teksten er ei gjenforteljing av teamet sin erfaring, slik det kom fram i intervjuet.

Jenta vart henvist til Enhet B etter ei stund heime frå skolen. Hendingar i familien gjorde at ho oppfatta det å vere på skolen som problematisk, spesielt gjaldt dette å vere i større folkemengder. Skolen gav heimeundervisning, men etter kvart vart det konflikt mellom jenta og den læraren som kom heim. Dette var ifølgje behandlingsteamet fordi jenta ikkje sjølv klarte å ta imot tilbodet. Etter kvart har problemet blitt veldig vanskeleg for jenta.

Enhet B har fleire alternativ i utforminga av behandlingssopplegget. Dei disponerer ein tilrettelagt skole, dei kan tilby heimeundervisning, og dei kan forsøke å gå på nærskolen. I praksis involverer behandlinga ein kombinasjon av fleire av desse aktivitetane.

Eit behandlingsteam frå Enhet B fekk disponere eit fast grupperom på nærskolen, og dette fungerte i starten om lag 2 av 5 dagar i løpet av ei veke. Ein lærar og ein miljøterapeut møtte jenta på skolen før dei andre elevane kom om morgonen. Ho likar veldig godt å jobbe med skolen, og fekk tilpassa innhaldet i lekser ut frå det resten av klassa jobba med. I behandlinga blei det lagt vekt på å jobbe ut frå nærskolen: målet var at ho skulle komme tilbake til ein normal skolegang.

Når teamet møtte ho på skolen, hadde dei som regel telefonkontakt med jenta, slik at dei kunne gjere endringar dersom noko skjedde.

Blant anna har familiekonflikt og episodar på skolen relatert til skolevegringa ført til ein negativ assosiasjon til skolen.

Det var altså ikkje læresituasjonen som var utfordrande; dei gongane ho klarte å komme på skolen, hadde dei flotte dagar. I tråd med eit strategisk skifte frå Enhet B si side, følgde ei gradvis nedtrapping av tilrettelegging.

Behandlingsteamet fortel at dei bruker mykje tid på å byggje opp tillit og bli kjent med jenta; dei kan spørje jenta om noko, og ho smiler og seier ja. Etterpå får teamet beskjed frå foreldre om korleis det eigentleg er. Dei oppfordrar jenta om å vere så ærleg som mogleg; det er viktig for å involvere ho i prosessen.

Dei laga ein plan på hausten, som tok utgangspunkt i den konkrete situasjonen i familien. Etter kvart valde dei i fellesskap å droppe nokon delar av planen. Behandlingsteamet har dagleg kontakt med foreldra, og har oversikt over alle dei skoledagane barnet går glipp av. Dette er viktig for å ha ein god oppfølging.

I periodar har vegringa nærmast ikkje vore noko problem, og jenta har vore med på aktivitetar saman med venninner; i dei tilfella der ho ikkje har vore på skolen, har ein lagt vekt på å ha sosial kontakt med venninner på kveldstid, og oppretthalde ein tilnærma normal kvardag. Den sosiale angsten frå å vere vekke frå ei gruppe over lengre tid er til stades for dei aller fleste barn. Å bruke tid med gode venninner blir omtala som ein utruleg viktig ressurs.

Eit av spørsmåla jenta fekk av behandlingsteamet nyleg var "Kva kunne du tenke deg dersom vi skal nærme oss klassen igjen?"

Her nemnde ho det å vere med på uteaktivitetar og måltid saman med klassen. Eit prinsipp er at eit tiltak innførast, og så blir det trappa opp gradvis. Til dømes kan ein byrje med å vere på skolen ved lunsj, så også i friminutt, så i ein time, og på denne måten vende tilbake til ein normal skolekvardag.

Kommentar

Dei aller færreste med skolevegring får denne typen behandling, med så tett oppfølging. Enhet B er ein instans som har tid og ressursar til å gjere det etter boka. Ein skole har vanlegvis ikkje tilgang på miljøterapeut eller psykolog. I mange tilfelle vil skolen gjerne hjelpe til, og i dette tilfellet tilbød skolen heimeundervising, noko som eigentleg er utanfor skolen sitt ansvarsområde. Samstundes har dei ikkje tilgang på rådgjeving på behandlingsmetode. Mangel på oversikt over det heilskaplege biletet kan stå i vegen for skolen sin handtering.

I intervjuet blei det sagt at «Nissen blir ofte med på lasset». Det å byte skole betyr ikkje nødvendigvis at problemet forsvinn. Enhet B jobbar mykje med opplæring i samband med nedtrapping av behandlinga, særleg av foreldre og lærarar. Dei seier også at i løpet av behandlinga går mykje tid til oppfølging.

Det kan vere ein skilnad mellom kva som er det beste å gjere for å sikre fagleg framdrift, og kva som er best for helsa til barnet. Når angsten står i vegen for læring, er det ikkje nødvendigvis riktig å bruke mykje tid utanfor skolen på å byggje sjølvkjensle og motivasjon.

Skypeintervju, David Heyne

6

Den 2. mars gjennomførte prosjektgruppa eit Skype-intervju med David Heyne, førsteamanuensis ved Universitetet i Leiden. Han har erfaring frå forskning på blant anna skolevegring og fråværsrelaterte skoleproblem. Nedanfor er delar av intervjuet presentert.

Heyne nemnde innleiingsvis at det er mykje usemje og uklarheit knytt til ulike former for fråværsrelaterte skoleproblem (eng. *school attendance problems*). Forskingsmiljøet jobba for tida med å bli einige om ein standard for operasjonalisering av og differensiering mellom ulike skolerelaterte problem. Dette er viktig for å stadfeste når skolefråvær er problematisk, og når ein eventuell intervensjon skal iverksetjast. Ifølgje Heyne vil ei meningsfull kategorisering av fråværsrelaterte skoleproblem kunne resultere i ein meir effektiv intervensjon.

Av dei mest kjende modellane som forklarar skolevegring nemnde Heyne Christopher Kearney sin 4-faktor modell, som forklarar skolevegringsåtfærd ut frå visse motivasjonar hos barnet, relatert til negativt forsterka og positivt forsterka åtfærd (s.23). Samstundes poengterte Heyne at det ofte kan vere ein kombinasjon av fleire faktorar som bidrar til skolevegring, og som ikkje nødvendigvis kan forklarast ut frå distinkte motivasjonar.

Vidare nemnde Heyne at ein burde vektleggje evaluering, og sjå på korleis faktorar hos barnet, i familien og skolemiljøet spelte inn. Han anbefalte også å **integreere eit eventuelt verktøy i eksisterande tenester.**

Avslutningsvis la Heyne vekt på at skolevegring er kausalt heterogent, det vil seie at årsaksbiletet er svært varierende og samansett. Som eit alternativ til Kearney sin 4-faktor modell foreslo han ein to-faktor modell, der ein analyserer **push- og pull- faktorar**; faktorar som dyttar barnet til skolen og faktorar som dreg barnet vekk frå skolen.

Funn frå intervju

Det verkar som handtering av skolevegring varierer mykje, og i stor grad avhenger av å forstå dei **individuelle motivasjonane og utfordringane** til barna som opplever skolevegringa. Tiltak som planlagte aktivitetar, tilrettelagt og individuelt tilpassa undervisning, og samtalar - både med foreldre og barna - blir trukke fram som avgjerande for å skape trivsel for barnet.

Uforutsigbarhet og mangel på oversikt er blant utfordringane som skil seg ut for born som opplever skolevegring. I tillegg kan gradvis aukande skolefråvær føre til ein **sosial distansering**, eller omvendt.

Inkluderingsprosessar verkar som ein fellesnemnar for mange av tiltaka som blir brukt i behandling eller førebyggjing av skolevegring.

Nøkkelord for det arbeidet som blir gjort, både i førebygging og behandling av skolevegring, er inkludering, **medbestemming og meistring**.

Omvising, Enhet B

Den 1.mars fekk eg og Ingeborg Skogsfjord ei omvising på Enhet B av avdelingsleiar Inger Leganger Bjerk. Her fekk vi eit innblikk i korleis ein jobbar med klinisk behandling av skolevegving. Denne teksten gir eit innblikk i korleis det vert jobba med skolevegving i ein behandlingssammenheng, og gir ei oversikt som komplementerer intervjuet av eit behandlingsteam på side 43.


To stikkord for måten denne eininga jobbar på er **arenafleksibelt** og **multisystemisk**; eininga består av psykologar, legar, spesialpedagogar, lærarar og miljøterapeutar som arbeider på tvers av skole, heim og behandlingssammenheng for å imøtekomme barna og familien sine ønsker.


Til Enhet B kjem blant anna barn som har alvorlege tilfelle av skolevegving. Desse får tilpassa eit behandlingssopplegg, som tek utgangspunkt i ein to vekers intensiv kartlegging av familien til barnet, **kva som motiverer barnet**, årsaken til skolevegvinga og andre relevante forhold. Blant barna som mottar behandling er det vanleg med ein eller fleire psykiske diagnoser, der autismespekterforstyringar er mest forekommande.

Nokon av prinsippa som blir nemnd som avgjerande for god behandling er å **gje barna eigarskap** til sin eigen behandlingssopplegg, gje dei positive erfaringar og gje dei meistringsskjensle. Samstundes må ein vere førebudd på at ting tar tid. Ein av årsakene til dette er at det er naudsynt å **byggje opp tillit** mellom barnet og dei som tilbyr behandlinga.

Det å ha ein open dialog og snakke om det som er vanskeleg er eit premiss for å få ta tak i problema på ein effektiv måte. Ut frå **barna sine preferansar og motivasjonar** blir opplegget planlagt på tvers av skole, BUP, heimen, Enhet B og eventuelt andre instansar.

 Individuelt tilpassa vekeplan for barnet.

 Belønningssystem for gjennomføring av aktivitetar og utfordringar.

 Gradvis eksponering for angstutløysande situasjonar.

Døme på tiltak som blir brukt i behandling av skolevegving ved Enhet B.

Blimedno-konferansen

Den 18. april blei Blimedno-konferansen arrangert i Trondheim. Målet med denne samlinga var å 'gje kunnskap og innsikt i barn og unge sine tankar og meiningar om korleis ein kan fremje god helse' (Midt-Norge, 2018). Nedanfor vil eg oppsummere nokon hovudmoment frå dagen.

Deltakarar frå 6.klasse (10-11 år) på Sørborgen og Kattem skole, var blitt delt inn i grupper basert på tre kategoriar; fysisk aktivitet, kosthald og psykisk helse. Dei hadde sjølv undersøkt temaet i forkant av konferansen, og presenterte funna sine saman med masterstudentar frå Eksperter i Team (EiT).

Elevane hadde tatt i bruk metodar som teikning, rollespel og ordsky for å utforske temaa. På slutten av presentasjonen kom gruppene med forslag på konkrete tiltak som kunne betre kvardagen deira med omsyn til det temaet dei hadde utforska. Eit av dei gjennomgåande prinsippa for dagen var å behandle barn som ekspertar på sine eigne liv.

Funn frå konferansen

Eit tiltak som vart omtala som positivt av lærarar og elevar er Trivselsprogrammet, der elevar får ansvar for å organisere aktivitetar for dei andre elevane på skolen. Fleire av elevane på konferansen svara at dei hadde vore Trivselsleiarar.

I ei handsopprekking om kva elevane foretrekte, svarte omtrent alle elevane at dei likte å planlegge aktivitetar sjølve. Dette forteljer noko om verdien - og potensialet - av å inkludere barn i utforminga av sin eigen kvardag.

Når barna fortalde om korleis dei brukte spel og sosiale medier på fritida, sa 1) gutane at dei likar å spele Fortnite i lange periodar, medan 2) jentene sa at dei sjekka sosiale medier i korte intervall i løpet av dagen.

Trivselsprogrammet

Trivselsprogrammet er eit program for aktivitet og inkludering i barne- og ungdomsskulen. Trivselseiarar er elevar frå 4. til 10.trinn som bidrar til «et bedre samhold og et tryggere skolemiljø, gjennom organisert aktivitet i friminuttene» (Trivselsleder, 2018).

I beskrivinga av programmet står det også at «Trivselslederne har et særskilt ansvar for å inkludere elever som går alene.» Per i dag vert Trivselsprogrammet brukt av 1400 skoler i Skandinavia (ibid.). Nokon viktige verdiar som ligg til grunn for arbeidet er inkludering, vennligheit og respekt.

Kommentar

Barn sin sjølvdrevne utforsking av eit tema kan spele ei viktig rolle i bevisstgjerings- og opplæringsprosessane. Presentasjonane frå konferansen viste at elevane sjølv kom fram til gode, konkrete tiltak som kunne fremje god helse, enten det gjeld psykisk helse, kosthald eller fysisk aktivitet.

Trivselsprogrammet er eit døme på tiltak retta mot trivselsfremjing og inkludering i skolen. For dei elevane som kjenner seg utanfor i friminuttene, kan slike tiltak ha ein viktig sosial funksjon, utover det å auke samholdet og trivselen for alle elevane.

Sjølvsbestemmingsteori

I samband med litteraturstudie og intervju var det nokon ord som dukka opp gong etter gong: meistring, motivasjon og trivsel. Eg ville undersøke om det fanst nokon motivasjonsmodell som ein kunne ta utgangspunkt i for å forstå faktorar for trivsel. Sjølv om det eksisterer mange ulike motivasjonsteoriar, vil eg trekkje fram ein teori som rettar seg mot individuelle faktorar: sjølvsbestemmingsteori. Denne modellen kan vere med og forklare kva slags behov som må dekkjast for å trivast og ha ein god oppvekst.

Motivasjon kan skildrast som ein 'intensjon om å handle'. Ei forståing av kva som driv motivasjon på individuelt nivå, kan leggje grunnlag for strategiske val for utforming av løysingar som skal endre ein åtferd. I utforminga av eit verktøy som skal motivere barn til å gå på skolen, er det viktig å forstå kva slags føresetnader som ligg til grunn for barn sin trivsel.

Self determination theory, eller sjølvsbestemmingsteori, er basert på ein empirisk forståing av korleis menneske utviklar sin eigen sjølvmotivasjon og personlegdom ut frå visse biologiske preferansar og psykologiske behov. Richard M. Ryan og Edward L. Deci identifiserer tre føresetnader for optimal utvikling, sosial funksjon og personleg trivsel; kompetanse, tilhøyring og autonomi (Ryan & Deci, 2000).

Dersom alle desse behova vert tilfredstilte, har vi, ifølgje Ryan & Deci, dei beste føresetnadane for å trivast og ha ein optimal utvikling. Desse føresetnadane er særleg relevante for barn, som er i ein rask utviklingsfase. Kompetanseomgrepet er nært relatert til meistring, kjensla ein får av å gjennomføre noko på ein god måte.

Sjølvsbestemmingsteori skil mellom indre (eng. *intrinsic*) og ytre (eng. *extrinsic*) motivasjon. Medan indre motivasjon blir definert som ei naturleg drivkraft for å oppsøke utfordringar og nye moglegheiter, er ytre motivasjon knytt til ytre faktorar som belønningar i form av pengar og diplom, eller fråvær av straff (Ryan & Deci, 2000a).



Kompetanse

behovet for å gjennomføre ein aktivitet eller ei handling effektivt eller med suksess.



Tilhøyring

behovet for å omgåast andre, vere ein del av eit fellesskap, og oppleve omsorg for andre.



Autonomi

behovet for å vere sjølvstendig og ha kontroll over sitt eige liv, og leve i harmoni med sitt eige indre.

Nokon funn om sjølvbestemmingsteori

Indre motivasjon er knytt til oppleving av kompetanse og autonomi (Ryan & Deci, 2000b).

Sosialt betinga tilbakemelding og belønning fører til oppleving av kompetanse (meistringskjensle) og forsterker indre motivasjon.

Ytre belønningar og negativ tilbakemelding reduserer indre motivasjon (Deci, 1971).

Omsorg og tryggleik frå foreldre og lærarar fasiliterer barn sin internalisering av skolen sine ytre reguleringar (Ryan, Stiller, & Lynch, 1994).

Faktorar for trivsel og utvikling.
Kjelde: (Ryan & Deci, 2000)

Design for barn

Eit utgangspunkt for denne oppgåva er at det skal utformast eit verktøy retta mot barn. For å få ei oversikt over kva som er viktig å tenke på i utforminga av verktøyet, gjennomførte eg ein studie av artiklar og retningslinjer rundt design for barn.

Alle barn er ulike. Både språklege, kulturelle og sosiale skilnader vil påvirke korleis barn interagerer med kvarandre og med omverda. Nedanfor vil eg presentere nokon generelle retningslinjer som kan vere nyttige i utforminga av produkt eller tenester retta mot barn.

Retningslinjene er henta frå 'Designing for Children Guide' der barn sine interesser og etikk står i sentrum (Designing for Children Guide, 2018). Dei er skrive frå perspektivet til barnet.

1 Alle kan leike

... på tvers av alder, kultur og språk. I tillegg vil foreldre, lærarar og andre støyttespelarar gjerne inkluderast.

2 Gje meg kontroll

... og tilby støtte. Gjer det mogleg for meg å tilpasse produktet etter mitt nivå og mine preferansar.

3 La bidraget mitt bety noko

... og hjelp meg å forstå min plass i verda. Gje meg rom til å uttrykkje meg sjølv på ein meningsfull måte.

4 Gje meg noko trygt

.. ved å tilby ein modell for sunn åtferd, og hugs at informasjon om meg må behandlast med respekt og omsorg.

5 Lag rom for å leike

... og eit val om å ta det roleg. Tenk på ulike humør, synspunkt og brukskontekstar.

6 Oppmuntre meg til å vere aktiv og leike med andre

... og gje meg opplevingar som kan hjelpe meg å byggje relasjonar og sosiale ferdigheiter saman med andre.

7 Gje meg rom for å utforske og eksperimentere

... og tenk på at eg treng tid for å lære meg nye ting.

8 Kommuniser på ein måte eg forstår

... og gjer det tilgjengeleg for alle. Visuelle element kan hjelpe meg å lære, utforske, leike og undre om framtida.

9 Gjer det fleksibelt for meg

.. og forvent at eg kjem til å bruke produktet ditt på måtar som ikkje var planlagt.

10 Pass på å inkludere meg

... for du kjenner ikkje meg. Eg har gode idéar som kan hjelpe deg. Snakk med dei som er ekspertar på mine behov.

Retningslinjer, design for barn.

Kjelde: (Designing for Children Guide, 2018)

Oppsummering

Dette kapitlet gjev ei oversikt over skolevegring, først frå eit kvantitativt forskingsperspektiv i litteraturstudiet, så frå eit kvalitativt menneskeperspektiv gjennom intervju og observasjonar.

Gjennom litteraturstudie, intervju og observasjonar har skolevegringsproblematikken blitt belyst frå ulike hald. I tillegg til å gje eit overblikk over skolevegring, har intervju og observasjonar gjeve innsikt i korleis det vert arbeidd med å handtere skolevegring i praksis.

Viktige funn frå innsiktsfasen

Litteraturstudiet viser at skolevegring er ei samlenemning på ei rekkje symptom, og at ulike krav til diagnostisering gjer at omgrepet vert ilagt ulikt meiningsinnhald.

Skolevegring kan forståast som eit spektrum, der stille barn med negativ affekt befinner seg i den eine enden og utagerande barn med åtferdsvanskar befinner seg i den andre. I denne oppgåva vil skolevegring bli brukt i tydinga "emosjonelt ubehag knytt til det å vere på skolen."

Årsaksfaktorane til skolevegring kan fordelast mellom faktorar hos barnet sjølv, faktorar i familien, faktorar på skolen og faktorar i omgjevnadane. Sidan skolevegring ikkje eksisterer i eit vakuum, er det viktig å forstå korleis kontekstuelle årsaksfaktorar i omgjevnadane til barnet medverkar til skolevegring.

Intervju og observasjonar gjev eit innblikk i korleis det vert arbeidd med førebygging og handtering av skolevegring i ein praktisk kontekst. I det praktiske arbeidet med førebygging og handtering av skolevegring vert det lagt vekt på in-

kludering, relasjonsbygging, medbestemming for barnet og tett samarbeid mellom familie og skole.

Handteringa av skolevegring avhenger av ei forståing for dei individuelle faktorane som medverkar til problemet. Innsikt frå intervju indikerer at skolevegring kan relaterast til blant anna problematisk skolefråvær, motvilje mot å dra på skolen om morgonen, og mangel på sosial tilhøyring i skolemiljøet.

Sjølvbestemmingsteori vektlegg faktorar som sosial tilhøyring, medbestemmelse og meistring som avgjerande for menneske sin trivsel og utvikling.

'Design for barn' (s.53) gjev retningslinjer for utforming av eit verktøy som skal tilpassast barn.





Analyse


| | |
|----------------------------|----|
| Introduksjon | 59 |
| Oversikt over aktører | 60 |
| Avgrensingar | 65 |
| Personas | 67 |
| Eksisterande løysingar | 72 |
| Handtering av skolevegving | 78 |
| Utfordringar | 82 |
| Oppsummering | 85 |

Introduksjon

Med utgangspunkt i innsikt om skolevegring gjev dette kapitlet ei oversikt over ulike aktørar og deira rolle i handtering av skolevegring. Nokon avgrensingar av oppgåva vert gjort med tanke på målgruppe og kvar i prosessen verktøyet skal fungere. Personar som representerer målgruppa, samt ein studie av eksisterande løysingar.

Eit rammeverk har blitt utforma for å skape ei oversikt over ulike fasar i handtering av skolevegring. Kapitlet avsluttar med ei oversikt over utfordringar for aktørar i handteringa av skolevegring.

Målet med dette kapitlet er å organisere og systematisere innsikta frå førre kapittel for å forstå behov og utfordringar knytt til handtering av skolevegring i ein skolekontekst.



Oversikt over aktører


Handteringa av skolevegning skjer på tvers av ulike arenaer og over tid. Eg vil difor gje ei oversikt over dei ulike aktørane som kan vere involverte i alt frå førebygging til behandling av barn som opplever skolevegning.

Nokon aktørar vil alltid vere involvert, slik som foreldre og kontaktlærer, medan andre aktørar, som BUP og PPT, vil vere involverte ved til dømes utredning av psykisk helse eller spørsmål om tilpassing av læresituasjonen.

KAPITTEL 4

Figuren til høgre illustrerer kva for aktørar som kan vere involverte i handteringa av skolevegring, og korleis dei representerer ulike system. I denne figuren er handteringa av skolevegring definert ut frå perspektivet til barnet. Her er aktørar kategorisert i 'Familie & venner', 'Skole' og 'Eksterne aktørar'. Viktige aktørar innanfor kvar av desse kategoriane er beskrive på side 63-64.

ANALYSE



Ei oversikt over dei ulike aktørane som kan vere involverte i handteringa av skolevegving.

1

Familie & venner

Med familien reknast først og fremst barnet, foreldre og søsken. I tillegg kan venner og omsorgspersonar i omgjevnadane utgjere viktige støttespelarar i kvardagen.

Barnet : Barn i skolealder.

Foreldre : Foreldra til barnet er ofte dei som står barnet nærmast. Foreldre sitt ansvar er å ha omsorg for barnet, og følgje det i utviklinga frå barn til vaksen.

2

Skole

Skolen er ein arena for sosialisering, læring og utvikling. For skolebarn utgjer ofte relasjonen til medelevar og kontaktlærer det primære psykososiale skolemiljøet. I tillegg er aktørar som helsesøster og spesialpedagogar viktige samarbeidspartnarar i skolen som følgjer opp barnet sin helse, utvikling og trivsel.

Medelevar : Andre elevar på skolen spelar ei viktig rolle for korleis barn opplever det å gå på skolen. Å ha venner og eit sosialt nettverk er viktige faktorar for barn sin trivsel og tilhøyring til skolen.

Grunnskolelærer : «Som grunnskolelærer skal du tilrettelegge for læring, utvikling og gode holdningar hos barn og unge ... Grunnskolelæreren skal engasjere seg i elevenes skolehverdag, og følge med på hver enkelt elevs personlege utvikling – både faglig og sosialt (Utdanning.no, 2018a).

Spesialpedagogar : «En spesialpedagog legger til rette for gode lærings- og oppvekstvilkår for personer som har særskilte læringsbehov ... Spesialpedagogen kan kartlegge elevens vansker, og så tilpasse planer og opplæringsprogram for eleven» (Utdanning.no, 2018b).

3

Eksterne aktører

Eksterne aktører refererer til kommunale eller offentlige instansar som kan bistå familien og skolen i spørsmål om opplæring, utvikling, oppvekst og psykisk helse.

PPT – pedagogisk-psykologisk teneste :

“Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) er kommunens rådgivende og sakkyndige instans i spørsmål som omhandler barn, ungdom og voksne som har en vanskelig opplærings- eller oppvekstsituasjon. PP-tjenesten skal hjelpe barnehagen og skolen i arbeidet med å legge opplæringen bedre til rette for barn og elever med særlige behov.» (“PPT for barn,” 2018).

BUP– barne- og ungdomspsykiatrisk

poliklinikk: «BUP tilbyr utredning og behandling ved psykiske lidelser til barn, unge og deres familier. Samarbeid med omsorgspersoner og andre pårørende er en viktig del av tilbudet. BUP samarbeider med ulike tjenester i kommunen, blant annet barnevern, helsestasjon- og skolehelsetjeneste og barnehage/skole.» (Helsedirektoratet, 2018).

Eit utval aktører som kan vere involverte i handteringa av skolevegving.

Avgrensingar

Interessentanalysen gjev ei oversikt over dei aktørane som kan vere involverte i handteringa av skolevegtring, kategorisert i 1) Familie & venner, 2) Skole og 3) Eksterne instansar. Kva slags aktørar som er involverte avhenger av omfanget av problem relatert til skolevegtringa, samt individuelle faktorar hos barnet. I tillegg vil alvorgraden og tidspunktet for handteringa leggje føringar for kva slags verktøy som skal utformast. Nedanfor vil eg gjere greie for nokon viktige avgrensingar av oppgåva.

Målgruppe

Nedanfor vil eg presentere og grunngje valet av aktørar eg har vald å fokusere på i det vidare arbeidet.



Barn 7-9 år

Den primære målgruppa i denne oppgåva har blitt avgrensa til barn i alderen 7-9 år. Funn frå litteraturstudiet indikerer at skolevegtring er mest prevalent i denne aldersgruppa, i tillegg til at låg alder gjev gode prognoser for barnet.



Foreldre

Foreldra til barnet er kanskje dei som er mest involverte i handteringa av skolevegtring. Funn frå innsiktsfasen viser at tett kontakt med foreldre - både for barnet og for skolen - er avgjerande for god handtering av skolevegtring.




Grunnskolelærarar

Lærarar sit på mykje kunnskap om korleis barnet har det på skolen. Dei utgjer eit bindeledd mellom skolen og heimen, og følgjer barnet sin utvikling i skolen, både fagleg og sosialt.

Tidleg intervensjon & førebygging

FØREBYGGING



På bakgrunn av funn frå innsiktsfasen, har eg vald å fokusere på tidleg intervensjon og førebygging av skolevegring.

Innsiktskapittelet gir eit innblikk i kva for prosessar som foregår i skolen retta mot handtering av skolevegring. Dette arbeidet er i stor grad basert på trivselsfremjande tiltak og inkludering av elevane i skolekvardagen.

Vidare er bakgrunnen for denne oppgåva å ta i bruk spelifisering som eit verkemiddel for å hjelpe barn med skolevegring. Som eit studie av eksisterande løysingar seinare i dette kapittelet viser, finst det allereie etablerte behandlingssopplegg retta mot barn med psykiske vanskar.

Difor vil eg fokusere på utviklinga av eit verktøy som kan fungere som eit supplement til dei tilboda som eksisterer allereie, og som tek utgangspunkt i eksisterande prosessar og og aktivitetar i skolen.

Fokus for oppgåva: førebygging og tidleg intervensjon.



© Jared Sluyter, henta frå
Unsplash.com

Personas

Basert på intervju med forskarar og lærarar og samtale med foreldre som har hatt barn med skolevegring, har eg definert personas for barn og lærarar. Målet med personaene er å sjå skolevegring frå perspektivet til dei menneska som opplever dette i kvardagen, og få ei forståing for behova, interessene og motivasjonane deira. Namn og opplysningar er fiktive og representerer ingen enkeltpersonar.



*SKULLE ØNSKE JEG
HADDE EN BESTEVENN.*

Hans, 7 år

elev, 3. trinn

Bakgrunn :

Hans slit med å bestemme seg for kven han skal leike med i friminutta. Han blir fort uroleg, og fordi han er usikker hamnar han ofte mellom ulike grupper. Foreldra har tatt kontakt med skolen, og både spesialpedagogar og lærarar har prøvd å tilrettelegge, blant anna ved å innføre planlagde aktivitetar i friminutta i mindre grupper. Problemet ser likevel ut til å fortsetje.

Mål :

Ha eit avslappa forhold til friminutta, og få gode venner som vil leike på skole og fritida.

Bio :

Hans går i 2. klasstrinn på Svingen barneskole. Han gjer det bra på skolen, og likar å delta aktivt i timane.

Likar/motiverast av :

- Organiserte og planlagde aktivitetar.
- Å vere saman med familien.

Utfordringar :

- Får angstanfall om morgonen.
- Slit med å velje leikekameratar i friminutta.

Rutine :

- Står opp klokka 07.00 og et frukost med familien.
- Prøver å unngå skolen, og ber om å sleppe skolen om morgonen.
- Blir som regel overtalt av mora si, og kjem på skolen 08.45.
- I friminutta har Hans problem med å bestemme seg for kven han skal leike med.





*AV OG TIL HANDLER
DET OM Å FØLGE EN
ENKEL, GJENNOM-
FØRBAR PLAN.*



Halvor, 42 år

grunnskolelærer, 3. trinn

© Ian Baldwin, henta frå
Unsplash.com

Bakgrunn :

Halvor er kontaktlærer for ei gruppe med 20 elevar på 3.trinnet. Han underviser i historie, engelsk og samfunnsfag.

Mål :

Å sjå at elevane trivst på skolen og vite at eventuelle problem hos elevane vert fanga opp og handtert på ein systematisk måte.

Likar/motiverast av :

- Å følgje elevar sin utvikling over tid
- Å sjå at elevane trivst på skolen
- Å samarbeide med skoleleiinga og kollegaer for å løyse utfordringar
- Å ha ein oversiktleg plan over skoledagen.

Utfordringar :

- Koordinere oppfølging av ein elev med andre kollegaer
- Inkludere foreldre i elevane sin skolesituasjon.
- Avgrensa med tid og ressursar til å følgje opp kvar enkelt elev.

Rutine :

- Har eit morgonmøte med dei andre lærarane på trinnet før elevane kjem på skolen.
- Registrerer fråvær i starten av timen.
- Underviser elevane i i norsk og engelsk.
- Er ordensvakt i friminutta.
- Tek kontakt med foreldra dersom han er uroleg for nokon av elevane



*DET ER VANSKE-
LIG Å VITE HVA
SOM ER BEST Å
GJØRE.*



Randi, 32 år

mor til Hans

© Tanja Heffner, henta frå
Unsplash.com

Bakgrunn :

Randi har merka at Hans har vore litt stille i det siste. Nokon dagar er det særleg utfordrande å få Hans til å gå på skolen, og Randi forsøker å finne ut av problemet saman med skolen.

Mål :

Å vite at barnet hennar har det trygt og godt på skolen.

Likar/motiverast av :

- Å vite at skolen tek tak i problem dersom det skulle oppstå.

Utfordringar :

- Få Hans til å gå på skolen om morgonen
- Kommunisere med skolen i gjennomføringa av skoledagen

Rutine :

- Går på jobb etter at ho har køyrd Hans til skolen.
- Hentar Hans etter at han er ferdig på SFO.
- Snakkar med Hans om korleis dagen har gått.
- Har jamnlege samtalar med kontaktlæraren til Hans om skolevegringa.

KAPITTEL 4



Eksisterande løysingar

For å få ei oversikt over løysingar som eksisterer i dag, ville eg undersøkje om det fanst løysingar som retta seg mot barn sin psykiske helse. To verktøy retta mot barn sin psykiske helse vert presenterte, og deretter evaluerte ut frå kva slags funksjon dei kan ha i ein skolekontekst.

BrainGame Brian

Seriøst spel for barn med ADHD

Utgangspunktet for denne kasusstudien er ein forskingsartikkel som tek for seg innhaldet i BrainGame Brian, og ser på effekten av løysinga basert på foreldre si tilbakemelding på barnet sin utvikling.

Kort beskriving av verktøy :

BrainGame Brian er eit databasert treningsprogram for eksekutiv funksjon med spelement med føremål om å auke målretta åtferd og sjølvkontroll hos barn med ADHD (Prins et al., 2013).

Kven er verktøyet utvikla for?

Barn diagnostisert med ADHD (Attention Deficit Hyperactive Disorder).

Kva består løysinga av?

BrainGame Brian inneheld treningsprogram for tre eksekutive funksjonar (eng. EF; executive function): visuelt-romleg arbeidsminne, inhibisjon og kognitiv fleksibilitet, integrert i ein omfattande, spelaktig, tredimensjonal verd. Brukaren kan velje å trene éin, to eller alle tre eksekutive funksjonar (ibid.) s.xx.

Brukaren styrer ein hovudkarakter, Brian, gjennom 25 treningssesjonar på om lag 45-50 minutt. Total treningstid er om lag 30 minutt per sesjon, der resten av tida blir brukt til å bevege seg rundt i verda.

Spelverda består av sju ulike område: blant desse er huset til Brian sine foreldre, ein landsby, ei aude øy, ein svamp og eit underjordisk laboratorium. Alle karakterane har problem som Brian hjelper dei med å løyse (ibid.) s.xx.

Kven er ansvarlege for implementeringa av løysinga?

Data frå kvar treningssesjon blir sendt til ein sentral database. Basert på desse dataa får ein trenar/retteiar tilbakemelding på barnet sin framgang på dei ulike oppgåvene. Barnet gjennomfører treninga heime, i tillegg til opp mot fem rettleingstimar saman med ein trenar/terapeut, som består av 1) ein instruksjon på korleis spelet fungerer og

ANALYSE

2) rettleiing og gjennomgang av spelet, medan foreldre er til stades. På slutten av den første sesjonen, blir eit belønningssystem avtalt mellom barnet og foreldre. Til slutt blir det gjennomført ein 3) evaluering ved klinikk (ibid.) s.xx.

Kor lenge vert løysinga brukt?


Programmet har ei varigheit på 5 veker.

Kvar blir verktøyet brukt?

Heime hos barnet, i tillegg til konsultasjonar med trener/pedagog. Alternativt kan treninga foregå på eit trettelagd rom på skolen med ein vaksen til stades.

Kva er effekten av løysinga?

Resultat frå forskingsrapporten viser at barna i treningsprogrammet gjorde betydelege framsteg ut frå foreldre sin rapportering av barna sin åtferd forbunde med ADHD (ibid.)



Alle bilete: Skjermdump frå <http://en.gamingandtraining.nl/description-braingame-brian/>

Coping Cat Program

Behandlingsprogram for barn med angst

Utgangspunktet for denne kasestudien er ein forskingsartikkel og ei informasjonsside som presenterer innhaldet i Coping Cat Program, eit behandlingsopplegg for barn med angstlidingar.

Kort beskriving av verktøy:

Coping Cat er eit behandlingsopplegg som tek i bruk kognitiv åtferdsterapi retta mot barn med angst ("Coping Cat," 2016).

Kven er verktøyet utvikla for?

Born i alderen 7-13 år med problematisk nivå av angst samt deira foreldre.

Kva består løysinga av?

Programmet består av fire komponentar:

1. Gjenkjenne og forstå emosjonelle og fysiske reaksjonar på angst
2. Oppklare tankar og kjensler i engstelege situasjonar
3. Utvikle planar for effektiv meistring
4. Evaluere innsats og gje positiv sjølvforsterking

Barnet får opplæring i FEAR-planen, som er ein strategi for å kjenne igjen og meistre tankar og kjensler relatert til angst. Ein viktig del av behandlinga er eksponeringstrening: gradvis, repetisjonsbasert, eksponering for situasjonar som fører til angst, rettleia av terapeut. Målet er å redusere angsten, og bli verande i situasjonen til angsten minkar. Løysinga inneheld ei arbeidsbok for barnet, og ein manual som blir brukt av terapeut (Kendall & Hedtke, 2006).

Kven er ansvarlege for implementeringa av løysinga?

Ein terapeut har ansvaret for faste møte og gjennomføring av programmet ved hjelp av ein manual. Barnet får heimelekser, og foreldre deltar på to av sesjonane med fokus på individuell behandling av barnet, samt eksponeringsøvingar der barnet øver på å takle angstrelaterte situasjonar.

Kor lenge blir løysinga brukt?

Typisk varigheit er 16-20 veker, med 50 minutt lange sesjonar kvar veke.

Kvar blir verktøyet brukt?

Ifølgje ("Coping Cat," 2016) kan programmet implementerast i ei rekkje ulike miljø, inkludert skolen.

Kva er effekten av løysinga?

I ein studie av (Beidas et al., 2010) deltok 27 born med ein angstliding som primær problem, samt andre komorbide problem som ADHD og depresjon. Av desse gjennomførte 13 programmet, som bestod av enten individuell eller familiebasert kognitiv åtferdsterapi, basert på Kendall & Hedtke sitt Coping Cat-program. Av desse hadde 58% (N=7) ikkje lenger sin primærdiagnose, og blant barn med skolevegving i forkant av behandlinga, møtte 75% (N=9) ikkje lenger dei diagnostiske kriterier for skolevegving etter behandlinga (ibid.) s.xx.

Evaluering av studiet

Dette er eit avgrensa utval eksisterande løysingar, som er meint å kaste lys på korleis verktøy retta mot behandling av psykisk helse hos barn kan utformast. Bruken av desse verktøya er basert på at det eksisterer ein diagnose, knytt til høvesvis ADHD og angst.

I BrainGame Brian er det i hovudsak barnet sjølv som står for gjennomføring av sin eigen ferdigheitsstrening. Sjølv om dette spelet er retta mot behandling av ADHD, kan det gi verdifull innsikt i korleis seriøse spel kan utformast og tilretteleggast for barn i målgruppa, samt fungere i ein normal skolekvardag.

Coping Cat-programmet er i større grad avhengig av ein terapeut som fasiliterer behandlinga. I begge tilfelle er minst tre aktørar involverte: barnet, for-elder/foreldra og ein tredjepart som fungerer som rettleiar eller terapeut.

Desse løysingane representerer to ulike tilnærmingar som kan hjelpe elevar med å meistre skolekvardagen. Vidare er dei basert på det å adressere dei individuelle utfordringane til barna. Samstundes er det viktig å hugse at handteringa av skolevegving avhenger av ei forståing for kontekstuelle faktorar i omgjevnadane til barnet, og ofte involverer eit samarbeid mellom familien og skolen.

Handtering av skolevegtring

Som innsiktsarbeidet viser, er det mange måtar å definere skolevegtring på. Sjølv om handteringa av skolevegtring vil variere, er det mogleg å definere nokon kategoriar for det arbeidet som vert gjort.

Ved å sjå på handteringa av skolevegtring som ein prosess med ulike fasar, har eg forsøkt å kategorisere dei ulike fasane som ein ofte forbinder med handtering av skolevegtring i ein skolekontekst. Denne oversikta er i hovudsak basert på funn frå 'Understanding School Refusal' (Thambirajah et al., 2008) og 'Skolevegtring – en praktisk og faglig veileder' (Lene Solheim, 2009).



Fremjing og førebygging

Prosessar og aktivitetar relatert til trivselsfremjing og førebygging, med føremål om å skape eit godt psykososialt skolemiljø. Dette kan innebere trivselsfremjande tiltak i og utanfor skolen, felles aktivitetar retta mot inkludering, samt bevisstgjerjing og opplæring for elevar, foreldre og skoleansette.



Deteksjon

Skolevegring startar ofte med eit aukande fråvær, og at barnet motseier seg skolen om morgonen. Det kan vere vanskeleg å oppdage fordi symptom som mageknipe og hovudverk er vanlege, og ikkje er lett å kople til angst relatert til skolegangen. I tillegg kan det vere vanskeleg for barna å opne seg til andre om eigne problem, forstå kva som er årsaken til symptoma, eller setje ord på kva som er problematisk.



Kartlegging

Kartleggingsfasen handlar om å forstå dei konkrete utfordringane til barnet som bidrar til skolevegringa. Denne fasen består som regel av observasjonar, samtalar og loggføring. Mål med kartlegginga er blant anna å avklare vanskane til eleven, og finne ut om skolevegring er til stades eller om det finst andre forklaringar, og samle informasjon om dei ulike faktorane på skolen, i heimen og hos barnet som kan bidra til skolevegringa (Thambirajah et al., 2008).



Oppfølging

Oppfølgingsfasen handlar om å følge med på barnet sin utvikling, og evaluere kor vidt det skjer ein endring i skolevegringa. I denne fasen er det avgjerande å ha tett kontakt mellom skolen og heimen, for å finne ut korleis barnet har det, og om eventuelle tiltak som har blir sett i verk fungerer.



Gjennomføring

Gjennomføringsfasen handlar om å gjennomføre tiltak som har blitt planlagde. Desse tek som regel utgangspunkt i deltaking på skolen, men kan også skje utanfor skolen sin timeplan.



Planlegging

Foreldre, lærarar og andre involverte aktørar utarbeider ein plan for handtering av problemet basert på samtalar med barnet, samtalar seg imellom og eventuelle konsultasjonar med skolen. Denne planen kan innehelde tiltak som tilpassing av undervisinga, kortare skoledagar, eller planlagte aktivitetar i løpet av skoledagen basert på barnet sine interesser.

Kommentar

Oversikta på førre side gjev ikkje eit fullstendig bilete av dei prosessane som føregår i handteringa av skolevegringa. Målet med denne oversikta er ikkje å nå ein endeleg konklusjon eller å setje to strekar under svaret, men å ha eit rammeverk som ein kan bruke for å forstå handteringa av skolevegring frå eit overordna nivå.

Den praktiske handteringa av skolevegring er avhengig av innsatsen til enkeltpersonar som foreldre, lærarar og andre involverte aktørar, og vil ikkje nødvendigvis følgje denne modellen punkt for punkt.

Ein kan betrakte arbeidet til desse enkeltpersonane som delar av ein langsgåande prosess der barnet sin trivsel og utvikling er rettleiande. Ei forståing av handteringa av skolevegring som ein prosess, meiner eg er avgjerande for å forstå korleis eit verktøy kan passe inn i ein praktisk kontekst.

Utfordringar

I førre del såg vi på ulike prosessar knytt til handteringa av skolevegring. I tillegg til øvrige interesser og behov hos dei involverte aktørane, er det nokon aspekt ved skolevegring som kan gjere handteringa av problemet særskilt utfordrande.

Med utgangspunkt i ein modell for skolevegring, har eg laga ei oversikt over nokon utfordringar knytt til handtering av skolevegring i ein praktisk kontekst. Desse er i hovudsak basert på funn frå samtalar og observasjonar i innsiktsfasen, og tek utgangspunkt i avgrensinga av målgruppa på side 65.

I tillegg til å sjå på skolevegring som ein prosess, er det viktig å forstå utfordringane til dei involverte aktørane. Desse er ikkje avgrensa til spesifikke fasar i handteringa av skolevegring, og er difor meir hensiktsmessig å definere ut frå rollene til - og samspelet mellom - dei ulike aktørane.



Barn 7-9 år

Handtere åtferd og tankar relatert til skolevegning:

For barn som opplever skolevegning er det viktig å snakke med andre om det som er problematisk.

Forutsigbarheit og tryggleik i kvardagen:

Dette vil særleg gjelde for barn som er sårbare for uforutsette hendingar som til dømes vikarlærer i timen eller spontane aktivitetar.

Kartlegge kva som er problematisk:

Barn i aldersgruppa 7-9 år kan ha problem med å uttrykkje kva som er problematisk. I tillegg kan barn som opplever skolevegning ofte vere stille, dei som ikkje utan vidare deler kjenslene eller problema sine med resten av verda.



Foreldre

Følgje opp barnet i kvardagen:

Som foreldre er det viktig å følgje opp barnet i kvardagen.

Handtere problematisk åtferd om morgonen hos barnet:

Hos barn med skolevegning er motvilje mot å dra på skulen eit vanleg symptom. Det å få barnet til skulen om morgonen er ofte det mest utfordrande som forelder.



Lærer

Følgje opp barnet på skolen:

Når ein elev opplever skolevegtring, er det ekstra viktig at denne eleven vert fulgt opp av læraren.

Fordele tid og ressursar mellom elevar:

Det er avgrensa med tid til individuell oppfølging av kvar enkelt elev.



Alle

Samhandling og kommunikasjon med dei andre aktørane:

I prosessen med å handtere skolevegtring er det særskilt viktig at foreldre og lærarar kan samarbeide om å gjennomføre tiltak på tvers av skule og heim.

Tidleg intervensjon:

Det som skjer i den første fasen viser seg ofte å vere avgjerande. Desto lengre skolevegtringa utviklar seg, desto høgare er terskelen for å komme tilbake til ein normal skolekvardag. Å oppdage problemet på eit tidleg stadium er avgjerande for å sikre effektiv handtering av skolevegtring.

Forståing for skolevegtring:

For å kunne handtere skolevegtring, er det avgjerande å forstå dei underliggjande faktorane som forårsakar skolevegtringa, og faktorar som opprettheld problemet.

Nokon utfordringar knytt til handtering av skolevegtring er oppsummert på denne sida. I tillegg er det nokon utfordringar som gjeld for alle aktørane.

Oppsummering

I dette kapitlet har innhald frå innsiktsfasen blitt analysert for å danne eit bilete av skolevegring. Behov, interesser og utfordringar til viktige aktørar har blitt oppsummert i form av blant anna eit interessentkart og persona. Eit rammeverk har blitt utforma for å skape ei oversikt over ulike fasar i handtering av skolevegring.

Vidare har ei kartlegging av praktiske utfordringar relatert til skolevegring lagt føringar for det verktøyet som skal utformast.

Ei avgrensing av målgruppa, samt eit fokus på tidleg intervensjon og førebygging, vlegg også føringar for den vidare utviklinga.

ANALYSE







Idéar

| | |
|-------------------------|-----|
| Introduksjon | 89 |
| Verkstad - skolevegring | 91 |
| Utforsking av idéar | 96 |
| Val av retning | 107 |
| Oppsummering | 109 |

Introduksjon

Det er mange aspekt ved skolevegring ein kan ta tak i, og difor har det vore viktig å ha eit bevisst forhold til kva for behov og utfordringar som ligg til grunn for det verktøyet som skal utviklast. Det å involvere personar med praktisk erfaring med skolevegring har gjeve innsikt i kva som er viktig å fokusere på i handteringa av skolevegring.

Dette kapitlet presenterer nokon av dei idéane som har vore sentrale i utforsningsfasen. Nokon av dei idéane som har blitt utforska vert presenterte i form av løysingsforslag, saman med ein tilhøyrande refleksjon.

Desse løysingsforslaga har blitt evaluert ut frå kva slags utfordringar dei adresserer, og kva slags funksjon dei kan ha i ei praktisk handtering av skolevegring. Til slutt blir det grunnngjeve for eit val av retning, som dannar grunnlaget for konseptutviklinga i det neste kapitlet.

IDÉAR



Verkstad - skolevegring

I samband med eit møte med prosjektgruppa den 2.mars planla og organiserte Ingeborg Bakke Skogsfjord og eg (her referert til som vi) ein verkstad for å utforske korleis ein kan hjelpe barn med skulevegring. Deltakarane var prosjektgruppa frå Tackl, i tillegg til ein psykolog, ein lærar og ein miljøterapeut.

Planlegging

Føremålet med denne verkstaden var å skape idéar til moglege løysingar basert på erfaringane til personar med erfaring med skulevegring frå fleire ulike hald: i dette tilfellet lærarar, foreldre og psykologar.

Det var viktig å byggje på og få fram desse erfaringane. Utforminga av metodane var basert på at gruppene skulle ta utgangspunkt i konkrete problem og tiltak relatert til skulevegring, og byggje på desse for å utforme og beskrive eit konsept. Vidare var det viktig å gje klare rammer for arbeidet, ved å stille så konkrete spørsmål som mogleg og gje malar som deltakarane kunne utfylle innanfor dei ulike aktivitetane.

I tillegg til aktivitetar som oppvarmingsøving, idégenerering, personas, og utformig av ei brukerhistorie la vi inn tid for diskusjon undervegs, mellom gruppene og i fellesskap.

Gjennomføring

Vi delte inn dei seks deltakarane i par, og gav dei oppgåver med tidsavgrensing på mellom 2 og 10 minutt basert på vanskegraden og storleiken til oppgåva. Eg og Ingeborg veksla på å høvesvis presentere oppgåvene og å fasilitere gruppearbeidet.

Dei første oppgåvene var relatert til idémyldring rundt kva slags faktorar som bidrar til trivsel og skulevegring for skulebarn. Resultata blei gjennomgått innad i gruppene, før gruppene i fellesskap presenterte faktorar som fører til skulevegring, saman med forslag til tiltak som kunne løyse problemet. Gruppene valde deretter eitt problem og eitt tiltak som dei jobba vidare med.

Deretter utvikla gruppene ein person; eit skulebarn som fungerte som ein representant for målgruppa. Basert på ein personas laga gruppene ei historie som forklarte korleis tiltaket adresserte problemet. Dette la utgangspunktet for utviklinga av eit konsept som belyste korleis ein kunne betre situasjonen til barna.

IDÉAR



Idéar til tiltak som kan hjelpe barn som opplever skolevegring.



Eit konsept vart presentert på slutten av verkstaden.

Konsepta blei vidare skildra ut frå involverte aktørar samt val av namn og slagord. Gruppene kom så fram til styrker og svakheiter ved konseptene sine, før verkstaden vart avrunda med ein felles presentasjonsrunde og diskusjon.

KAPITTEL 5

* HJEMMESJEFEN *

"Hjemme bra men skole best!"

PERSONAS

BIO: Foreldre slutt å ha ansvar for barnet med mor er best (bestill) konsekvent beh. ikke vant på skolen dårlige skole, mor er syk resultat på skole, har en videregående utdanning (PS), Skole og fagbrett for læreren

MARKE MASUS
10.8

UTFORDRINGER

Sommerkurs
envers
treng
Realforfatter
usikkerhet
nye data
gjøre det
Dokument

HJEMME (Real) 2-3 dager
Lagging 1, 2, 3-4 dager
Spør medby med
Hjemme
Vekst 8-10 år (Hov)
Når barnet kan bli
alder 10 år
Hov

BESKRIV KONSEPTET, KORT TEKST

En app der mor kan styre nett (wi-fi), for å kontrollere skolen utveksling kommunisere med læreren. Planer og oppmuntre til mor

En app (basert med begrenset tilgang) som gutten kan bruke (planer om hva han skal gjøre) + oppmuntre

HVILKE AKTØRER ER INVOLVETE?

Marius Magnus → lagde app, lagde inn appen, lagde uttale (plan)

Mor → lagde inn appen

Lærer (analer for) → alle kunne kom til skole (Lærer app)

Sastron → alle kunne app, fagbrett, app, inn, lærer, oppmuntre, hjelpe, appen, appen, appen, appen

Fer → fagbrett, appen, appen, appen, appen, appen, appen, appen

Holdestr → fagbrett, appen, appen, appen, appen, appen, appen, appen

HVILKEN ROLLE HAR DE?

Marius Magnus → lagde app, lagde inn appen, lagde uttale (plan)

Mor → lagde inn appen

Lærer (analer for) → alle kunne kom til skole (Lærer app)

Sastron → alle kunne app, fagbrett, app, inn, lærer, oppmuntre, hjelpe, appen, appen, appen, appen

Fer → fagbrett, appen, appen, appen, appen, appen, appen, appen

Holdestr → fagbrett, appen, appen, appen, appen, appen, appen, appen

FRIMINUTTEN

VI BESTEMMER

MINIHISTORIE

En app der mor kan styre nett (wi-fi), for å kontrollere skolen utveksling kommunisere med læreren. Planer og oppmuntre til mor

En app (basert med begrenset tilgang) som gutten kan bruke (planer om hva han skal gjøre) + oppmuntre

BESKRIV KONSEPTET, KORT TEKST

En app der mor kan styre nett (wi-fi), for å kontrollere skolen utveksling kommunisere med læreren. Planer og oppmuntre til mor

En app (basert med begrenset tilgang) som gutten kan bruke (planer om hva han skal gjøre) + oppmuntre

BESKRIV KONSEPTET MED EN TEKST

En app der mor kan styre nett (wi-fi), for å kontrollere skolen utveksling kommunisere med læreren. Planer og oppmuntre til mor

En app (basert med begrenset tilgang) som gutten kan bruke (planer om hva han skal gjøre) + oppmuntre

STYRKER

En app der mor kan styre nett (wi-fi), for å kontrollere skolen utveksling kommunisere med læreren. Planer og oppmuntre til mor

En app (basert med begrenset tilgang) som gutten kan bruke (planer om hva han skal gjøre) + oppmuntre

SVIKHETER

En app der mor kan styre nett (wi-fi), for å kontrollere skolen utveksling kommunisere med læreren. Planer og oppmuntre til mor

En app (basert med begrenset tilgang) som gutten kan bruke (planer om hva han skal gjøre) + oppmuntre

VEIEN TILBAKE

MINIHISTORIE

En app der mor kan styre nett (wi-fi), for å kontrollere skolen utveksling kommunisere med læreren. Planer og oppmuntre til mor

En app (basert med begrenset tilgang) som gutten kan bruke (planer om hva han skal gjøre) + oppmuntre

HUVUD: Klasserom

SLAGORD: "Tross på skolen!"

PERSONAS

Mor → lagde inn appen

Lærer → alle kunne kom til skole (Lærer app)

Sastron → alle kunne app, fagbrett, app, inn, lærer, oppmuntre, hjelpe, appen, appen, appen, appen

Fer → fagbrett, appen, appen, appen, appen, appen, appen, appen

Holdestr → fagbrett, appen, appen, appen, appen, appen, appen, appen

BESKRIV KONSEPTET, KORT TEKST

En app der mor kan styre nett (wi-fi), for å kontrollere skolen utveksling kommunisere med læreren. Planer og oppmuntre til mor

En app (basert med begrenset tilgang) som gutten kan bruke (planer om hva han skal gjøre) + oppmuntre

BESKRIV KONSEPTET MED EN TEKST

En app der mor kan styre nett (wi-fi), for å kontrollere skolen utveksling kommunisere med læreren. Planer og oppmuntre til mor

En app (basert med begrenset tilgang) som gutten kan bruke (planer om hva han skal gjøre) + oppmuntre

STYRKER

En app der mor kan styre nett (wi-fi), for å kontrollere skolen utveksling kommunisere med læreren. Planer og oppmuntre til mor

En app (basert med begrenset tilgang) som gutten kan bruke (planer om hva han skal gjøre) + oppmuntre

SVIKHETER

En app der mor kan styre nett (wi-fi), for å kontrollere skolen utveksling kommunisere med læreren. Planer og oppmuntre til mor

En app (basert med begrenset tilgang) som gutten kan bruke (planer om hva han skal gjøre) + oppmuntre

Alle bilene: konseptbeskrivingar til dei ulike gruppene som deltok på verkstaden. Ei beskriving av konseptet finst i vedlegget.

Funn frå verkstaden

Variasjonen i deltakarane sine konseptbeskrivingar er ei stadfesting av at det er mange ulike utfordringar å ta tak i ved handteringa av skolevegring. Dei problema gruppene tok utgangspunkt i la føringar for kva slags løysingar som vart skisserte i dei ulike konseptbeskrivingane. Nedanfor vil eg gje min vurdering av kva konsepta har til felles, ved å sjå kva slags faktorar som vart vektlagde på tvers av gruppene.

Konsepta byggjer på **samarbeid** mellom aktørane.

Konsepta fokuserer på det som er positivt og **skapar trivsel**.

Konsepta vektlegger **medbestemmelse** hos barnet.

Konsepta gir ein form for **oversikt og forutsigbarheit** for aktørane.

Refleksjon

Å leggje til rette for erfaringsutveksling og deling av informasjon er viktig i slike involveringsprosessar som ein verkstad representerer, særleg når ein vil få fram praktisk erfaring hos deltakarane. Soleis er ikkje resultatet av verkstaden avgrensa til dei konsepta som vart presenterte, minst like viktig var den diskusjonen vi hadde undervegs og i etterkant.

Særleg i handteringa av eit sopass komplekst problem som skolevegring, er det viktig å reflektere over kva slags aspekt av problemet som ein forsøker å løyse. Eit bevisst val av behov legg føringar for innhaldet i konseptet, og kva funksjon det skal ha i ein tenkt brukskontekst.

KAPITTEL 5



Utforsking av idéar

I etterkant av verkstaden den 2.mars fortsatte utforskinga av idéar. Retningar har blitt skissert i form av enkle konseptbeskrivingar, og blitt definert ut frå kva slags behov dei adresserer og kva slags fase i handteringa av skolevegring dei er retta mot. Vidare har eg samla tankar om kvart av løysingsforslaga i form av ein refleksjon.

Idéane som har blitt utforska tek ikkje utgangspunkt i at det er eit seriøst spel skal utformast, men snarare kva slags utfordringar knytt til skolevegring som skal adresserast. Dei er heller ikkje fullstendig detaljerte konseptbeskrivingar, men fungerer som utgangspunkt for å diskutere kva slags verktøy som skal utviklast.

1

Læringsspelet

Dette er ein av idéane eg hadde frå tidleg i prosessen. Utgangspunktet for dette konseptet er å gjere opplæring i psykisk helse på ein uformell og engasjerande måte, ved å ta i bruk historieforteljning som eit spelmekanisk verkemiddel.

Beskriving

Spelaren styrer ein karakter som beveger seg gjennom ei 2D plattformverd, og får gjennom dialogbasert interaksjon med spelverda innsikt i andre barn sine erfaringar med skolen, og opplæring i faktorar som bidrar til god trivsel. Ved å høyre historier og svare på spørsmål kan barnet lære omgrep og teknikkar relatert til psykisk helse, og korleis dette heng saman med trivsel. Under utforskinga av verda vil karakteren samle poeng basert på gjennomføring av utfordringar, og

desse kan så brukast til å oppgradere karakteren.

Hovudbrukar: Barn


Sekunderbrukar: Foreldre og lærarar.

Nøkkelord:

Historieforteljning | Plattformspel | Opp-
læring

Fase:

Førebygging | Intervensjon



Refleksjon

Det å gje barnet opplæring i psykisk helse vil ikkje nødvendigvis føre til at skolevegninga forsvinn. Sidan den individuelle årsaken til skolevegning er så varierende, vil også opplæringa avhenge av ein forståing for det som er problematisk. Dermed vil det uansett vere naudsynt med ein form for kartlegging av faktorar som fører til skolevegning.

Samstundes vil ikkje årsaksfaktorane eksistere kun hos barnet. Eit verktøy som rettar seg utelukkande mot barnet kan opplevast som eit behandlingsverktøy, eller antyde at problemet er noko som har opphav hos barnet sjølv.

Eg trur eit slikt verktøy kan vere hensiktsmessig innanfor ein førebyggjande opplæring retta mot psykisk helse, men også i samband med opplæring i dei tilfella der delar av skolevegninga kan forklarast ut frå faktorar hos barnet.

Dette konseptet har nokon fellestrekk med BrainGame Brian (s.75), som er eit seriøst spel der barnet trener på spesifikke ferdigheiter med mål om reduksjon av symptom på ADHD.

Papirskisse av læringsspel der omgrepet 'Mestring' formidlast gjennom, bilete, lyd og tekst.



Mock-up av skjerm som viser spelstatistikk og opptjente badges.

2

Aktivitetskartet

Dette konseptet er inspirert av Friminuttet, som vart presentert i samband med verkstaden den 2. mars. Ei beskriving av Friminuttet er i vedlegget s.xxx. Bakgrunnen for konseptet er eit behov for medbestemming i skoledagen for elevane, og tilrettelegging av aktivitetar for å auke sosial tilhøyring i skolemiljøet.

Beskriving

Barnet og klassekameratane samarbeider om å planlegge aktivitetar i friminutta og på skolen, og kan stemme over kva dei har lyst å vere med på. Desse aktivitetane blir så oppretta, og plassert på eit virtuelt kart, og barna får oversikt over kvar og når aktivitetane vil foregå, og kva som skal skje.

Hovudbrukar: Barn

Sekunderbrukar: Foreldre og lærarar.


Nøkkelord:

Inkludering | Medbestemming

Fase:

Førebygging | Intervensjon

IDÉAR



I denne papirkissa er aktivitetar i skoledagen representert som ikon, og inneheld informasjon om tid, stad og kven som skal vere med.

Refleksjon

Verdien av eit slikt type verktøy er at det tek utgangspunkt i barna sine eigne interesser, og legg til rette for sosialisering gjennom felles planlegging av aktivitetar.

Eit av spørsmåla knytt til dette konseptet er korleis planlegginga av aktivitetar skal foregå, og kven som har ansvaret for gjennomføringa av aktivitetane. Samstundes er det viktig å tenke på korleis elevar som ikkje deler interesser med andre vil passe inn i ei slik løysing. I eit intervju med ei lærarinne (s.35) høyrde eg om ein elev som stadig hamna mellom ulike grupper i friminuttet.

Medbestemming i skoledagen har blitt trekt fram som ein viktig faktor for trivsel. Samstundes kan det vere vanskeleg å tilretteleggje for at alle sine ynskjer vert tatt i betraktning når ein skal planlegge aktivitetar og leikar i friminuttet. Eit eksisterande tiltak som ser ut til å løyse dette på ein god måte er Trivselsprogrammet, som er omtala på side 43.

'Push & pull'

3

Idéen om å lage eit verktøy for kartlegging basert på push- og pull-faktorar kom frå eit Skype-møte med David Heyne (s.48). Han omtala dette som ein måte å kategorisere faktorar som høvesvis medverka og motverka til skolevegring.

Beskriving

Foreldre, lærarar og barnet utarbeider lister med push- og pull-faktorar, der push-faktorar motiverer barnet til å gå på skolen, medan pull-faktorar hindrar barnet i å trivast på skolen. Ut frå desse to listene, utarbeider dei saman tiltak og aktivitetar som skal maksimere push-faktorar og minimere pull-faktorar.

Hovudbrukar: foreldre og lærar.

Sekundærbrukar: barn.


Nøkkelord:

Samarbeid | Motivasjonar | Dagsplan

Fase:

Kartlegging

IDÉAR



Kategorisering av faktorar kan gje ei oversikt over skolevegringsproblematikken.



Ei liste med faktorar som motiverer barnet, som kan utarbeidast av barnet, foreldre og lærarar. Fargane representerer kategorisering av faktorar ut frå barnet sjølv, familie, skole og omgjevnader (s.xx).

Refleksjon

I situasjonar der eleven sitt skolemiljø ikkje vert opplevd som trygt, har skolen *aktivitetsplikt*, som blant anna medfører utforminga av ein tiltaksplan. Denne planen skal blant anna innehalde informasjon om kva for tiltak som er iverksett, kva slags problem dei skal løyse, og kven som skal gjennomføre tiltaka (s.xx).

Ei kartlegging av faktorar som fører til høvesvis trivsel og mistrivsel hos barnet kan vere eit utgangspunkt for utforminga av ein slik plan. Samstundes kan ei oversikt over push- og pull-faktorar vere nyttig i ein førebyggjande kontekst.

Dette verktøyet kunne fungere som eit supplement til det arbeidet som allereie blir gjort i skolen for å sikre gode skolemiljø.

4

Trivselsplanleggeren

Litteraturstudiet og intervju med lærarar viser at samhandling mellom foreldre og lærarar er viktig, særleg for å sikre ein effektiv handtering av skolevegring.

Beskriving

Eit planleggingsverktøy som gjev ein felles oversikt over aktivitetar i skoledagen, som foreldre og lærarar kan bruke for å samarbeide og kommunisere.

Hovudbrukar: foreldre og lærar.

Sekundærbrukar: barn.

Nøkkelord:

Oversikt over dagen | Gjennomføring av tiltak | Samarbeid

Fase:

Planlegging | Gjennomføring

Refleksjon

I handteringa av skolevegring vil det ofte variere kor mange aktørar som er involverte, og kva slags rolle dei har. Dersom skolevegring har nådd eit problematisk nivå som medfører uføresett fråvær, vil koordingering av skoledagen vere særskilt utfordrande.

Dersom ein antar at problemet vert løyst i ein skolekontekst, vil det kunne vere hensiktsmessig å ta utgangspunkt i foreldre og lærarar som primære informasjonskanalar mellom skole og heim. Sidan den individuelle handteringa av skolevegring vil variere, er det difor viktig å leggje til rette for at dei involverte aktørane kan tilpasse ein plan etter behov.

Ved involvering av fleire aktørar vil rolleavklaring og ansvarsfordeling vere viktige aspekt å tenke på.

IDÉAR



Samtalepartneren

5

Både funn frå litteraturstudiet og samtalar med foreldre viser at det å bruke lang tid på å finne årsaken til skolevegringa kan opplevast som frustrerende. Vidare indikerer intervju med lærarar at det kan vere vanskeleg å få tilbakemelding frå eit barn som opplever skolevegring. Med utgangspunkt i dette ville eg undersøke korleis ein kunne gjere tilbameldinga på skoledagen til ein lystbetont og engasjerande oppleving for barnet.

Beskriving

Eit samtaleverktøy som hentar tilbakemelding frå barnet på ein engasjerande og gøy måte. Målet med dette verktøyet er å få barnet i samtale om korleis det går på skolen, samt gjere ein kontinuerleg kartlegging på barnet sine premiss.

Hovudbrukar: barn.

Sekundærbrukar: foreldre & lærar.

Nøkkelord:

Evaluering av skoledagen | Tilbakemelding | Barnevennleg

Fase:

Deteksjon | Kartlegging

IDÉAR



Mock-up av grensesnitt: ein avatar stiller spørsmål, og barnet svarar frå eit sett med alternativ

Refleksjon

Det å få direkte tilbakemelding frå barnet om korleis hen har det, er viktig i alle fasar av handteringa av skolevegring, frå førebygging til oppfølging.

Vidare kan faktorar som sårbarheit og mangel på vokabular for å uttrykkje kva som er problematisk, gjere det vanskeleg for dei vaksne som ynskjer å handtere skolevegringa.

Eit samtaleverktøy bør ta høgde for utviklingsnivået og føresetnadane til barnet. Måten innhaldet presenterast på vil ha mykje å seie for korleis interaksjonen opplevast av barn.

Val av retning

Ut frå evaluering og tilbakemelding på konseptretningane eg utforska, har eg vald å jobbe vidare med to retningar. I grunngevinga for valet har eg fokusert på kva for utfordringar knytt til handteringa av skolevegring dei ulike retningane adresserer.

Trivselsplanleggeren

I handteringa av skolevegring, vil det gjerne variere kva slags aktørar som er involverte, og kva for rolle dei har. I tillegg viser litteraturstudiet og intervju med lærarar at samhandling mellom ulike aktørar og unntakshandtering er viktige aspekt i gjennomføring av tiltak.

Det er soleis indikasjonar på at ein felles planleggingsplattform for dei involverte aktørane kan legg til rette for samarbeid i kvardagen. I praksis kan barnet sin skolevegring medføre uføresette hendingar og eit behov for unntakshandtering. Dette kan gjere det vanskeleg å planlegge langsiktig.

Utfordringar Trivselsplanleggeren adresserer:

- 1) Samhandling og kommunikasjon mellom foreldre og lærarar
- 2) Felles oversikt på tvers av skole og heim

Samtalepartneren

Barn i aldersgruppa 7-9 år kan av fleire årsakar ha problem med å uttrykkje kva som er problematisk. I tillegg kan barn som opplever skolevegring ofte vere stille, dei som ikkje utan vidare deler kjenslene eller problema sine med resten av verda.

Utfordringar Samtalepartneren adresserer:

- 1) Handtere barnet sine tankar og kjensler relatert til skoledagen
- 2) Kartlegge kva som er problematisk for barnet

IDÉAR



Oppsummering

Dette kapitlet gir eit forenkla overblikk over idéutforskinga. Denne prosessen har til dels tatt utgangspunkt i - og til dels foregått parallelt - med innsikts- og analysearbeidet.

Utforsking av idéane har innebert ein fortolking av den innsikten som har blitt innhenta, og ført til eit nyansert blikk på kva eit verktøy for skolevegning kan vere. Modellen for skolevegning har vore nyttig for å kategorisere idéar undervegs.

Utarbeiding av beskrivingar for moglege løysingsforslag samt skissering av funksjonalitet har vore nyttig for å sette seg inn i ein tenkt brukskontekst. Dei konseptretningane som vert skisserte i dette kapitlet har fungert som diskusjonsgrunnlag for kva slags verktøy som skal utviklast og kva slags behov som ligg til grunn for konseptutviklinga.

Eg har vald å jobbe vidare med to konsept: **Trivselsplanleggeren**, der målet er å fasilitere koordinering av skoledagen mellom foreldre og lærarar, og **Samtalepartneren**, der målet er å få tilbakemelding frå barnet.

Beskrivingane av desse retningane (side 105 & 107) dannar grunnlaget for konseptutviklinga.

IDÉAR







Konsept- utvikling

| | |
|-------------------------|-----|
| Introduksjon | 113 |
| Retningslinjer | 114 |
| Utvikling | 116 |
| 1. Trivselsplanleggeren | 117 |
| 2. Samtalepartneren | 124 |
| Testing | 140 |
| Vidareutvikling | 147 |
| Oppsummering | 151 |



Å LØYSE FLEIRE PROBLEM SAMSTUNDES

Introduksjon

Dette kapitlet gir ei oversikt over utviklinga av konseptet – eit verktøy for handtering av skolevegring. Konseptutviklinga tek utgangspunkt i to retningar: Trivselsplanleggeren og Samtalepartneren.

Fokuset for konseptutviklinga er på den andre retninga, Samtalepartneren. Utgangspunktet for konseptutviklinga er å gjere tilbakemelding på skoledagen til ein engasjerande og kjekk oppleving.

Ved hjelp av papirskisser, mock-ups og strukturskisser har konseptet blitt utvikla. Ein klikkbar prototype av Samtalepartneren vert utvikla for å få tilbakemelding frå barn i aldersgruppa 7-9 år. Avslutningsvis følger ein diskusjon rundt vidare utvikling av konseptet, blant anna tankar om implementering av Samtalepartneren i ein skolekontekst.

Prinsipp frå sjølvbestemmingsteori retningslinjer for design for barn (s.51 - 54) har blitt brukt som ein referanse under konseptutviklinga.

Retningslinjer

På bakgrunn av den informasjonen som kom fram i innsiktsfasen, er det tydeleg at det finst mange moglegheitsrom i utforminga av eit verktøy retta mot skolevegring.


Ei avgrensing av målgruppa (barn, foreldre og lærarar) og eit fokus på tidleg intervensjon og førebygging gir nokon føringar for utviklinga av verktøyet. Saman med konseptvalet frå slutten av førre kapittel, vil eg presentere nokon retningslinjer som har vore rettleiande for konseptutviklinga.

Eit prinsipp for utforminga av verktøyet er å ta utgangspunkt i **dei prosessane og ressursane som allereie eksisterer**, først og fremst i skolen. Verktøyet skal vere eit supplement som kan bidra til oversikt for dei involverte aktørane, og fasilitere relasjonsbygging og samtalar mellom barn, foreldre, lærarar og andre involverte aktørar.

Verktøyet er tiltenkt å fungere som ein del av ein **førebygging og tidleg intervensjon**. Ved meir alvorlege tilfelle av skolevegring, til dømes ved komorbide lidningar eller andre faktorar som gjer handteringa særskilt ressurskrevjande, vil det vere hensiktsmessig å involvere eksterne instansar som BUP, som har egne rutiner for utgreiing og behandling.

Den store variasjonen i skolevegringsproblematikken gjer at **fleksibilitet** er avgjerande, både i design for barn generelt og i handtering av skolevegring spesielt. Verktøyet må kunne tilpasse seg ulike brukskontekstar.

KAPITTEL 6



Grensesnitt for prototype av
Samtalepartneren.

Utvikling

Dette avsnittet tek for seg konseptutviklinga. Først vil utviklinga av Trivselsplanleggeren bli presentert i korte trekk.

Deretter vert utviklinga av Samtalepartneren presentert. Eit mål for konseptutviklinga har vore å skaffe tilbakemelding frå barn i målgruppa. Utvikling av innhald, estetikk og interaksjon dannar grunnlaget for ein prototype som til slutt vert testa med elevar frå 3.klasse på ein barneskole.

Konsepta har vorte til i ein iterativ prosess som blant anna har involvert papirskissing av tidlege idéar, utforming av grensesnitt, og endringar basert på tilbakemelding undervegs.

I utviklinga er det tatt utgangspunkt i at den endelege løysinga skal vere eit digitalt verktøy som skal kunne fungere på smarttelefon, nettbrett eller eit anna skjermbasert grensesnitt.

Til slutt vil eg diskutere korleis konseptet kan vidareutviklast, og skissere moglege alternativ for implementering i ein skolekontekst.

1. Trivselsplanleggeren

Utgangspunkt

Føremålet med dette planleggingsverktøyet er å gje oversikt over skoledagen og gjere det lettare for foreldre og lærarar å samarbeide om å gjennomføre skoledagen.

I tilfelle der barnet sin skolevegring medfører problematisk skolefråvær, kan planlegginga av dagen vere ei stor utfordring.


Som forelder vil ein gjerne få barnet til skolen, men samstundes lytte til barnet sine ynskjer og behov. I desse situasjonane kan det vere vanskeleg å vurdere kva som er det beste for barnet.

Som læraren vil ein følgje opp barnet på skolen, men mangel på oversikt over situasjonen til barnet utanfor skolen kan gjere dette vanskeleg.

1) Samhandling og kommunikasjon mellom foreldre og lærarar

2) Felles oversikt på tvers av skole og heim

Utfordringane som Trivselsplanleggeren tek utgangspunkt i.



Grensesnitt for Triv-
selsplanleggeren.





Foreldre kan legge inn viktig informasjon slik at flere aktører har oversikt.

Timeplan: eit utgangspunkt

Dersom barnet følger eit normalt undervisningsoppleg, kan ein ta utgangspunkt i barnet sin timeplan. Skolen har ansvar for å utarbeide ein timeplan til eleven, som inneheld informasjon om ulike fag, kven som er ansvarleg lærar i dei ulike faga, og når dei foregår.


Ein plan vil alltid endre seg

Blant barn som opplever skolevegring, er behovet for tryggleik og forutsigbarheit i kvardagen noko som går igjen. Desse barna er ofte sårbare for uføresette hendingar.

"Kva om noko uføresett skjer, til dømes om det kjem ein vikarlærar i timen?"

Dette var eit spørsmål eg fekk under utviklinga av konseptet. I handteringa av skolevegring er det ein ting som er sikkert: uforutsatte ting vil skje, og planar vil endrast. I forskingslitteraturen vert *contingency management* nemnd som eit tiltak knytt til den praktiske handteringa av skolevegring; unntakshandtering kan vere ein avtale som seier at læraren skal informere barnet dersom det skjer endringar i timeplanen, eller ein avtale mor og barnet gjer om morgonen.

Oversikt over dagens aktivitetar, med utgangspunkt i skolen sin timeplan.





Foreldre, barn og lærarar kan utarbeide ein individuell timeplan som alle har oversikt over.

Ein fleksibel timeplan

For barn som opplever skolevegring, kan det vere vanskeleg å komme seg til skolen, sjølv om det kun er delar av skoledagen som opplevast som problematisk. Tilpassing av skoledagen, basert på samtale mellom foreldre, lærarar og barnet, vil i desse tilfella vere eit midlertidig alternativ til fråvær frå skolen.

I intervju med lærarar som har hatt elevar med skolevegring, blir tilretteleggande tiltak i skolekvardagen basert på barnet sine ynskjer trukke fram som eit døme på korleis skolevegring kan handterast på eit tidleg stadium. Då kan ein fleksibel timeplan, vere ein måte å handtere planlegging på.

I slike situasjonar vil ein kontinuerleg informasjonskanal mellom foreldre og lærarar også fungere som eit bindeledd mellom barnet og skolen.

Oppsummering

I dette avsnittet har utviklinga av Trivselsplanleggeren blitt presentert. Resultatet er eit tidleg konsept som illustrerer korleis ein felles plan mellom familie og lærarar kan leggje til rette for oversikt og koordinering i situasjonar der skolevegring gjer skolekvardagen utfordrande.

Beskriving av konseptet

Trivselsplanen er ein felles plattform for planlegging av skoledagen på tvers av skule og heim. Planen bygger på timeplanen til skulen, og inneheld informasjon om ulike aktivitetar i løpet av dagen, og kven som er ansvarlege for gjennomføring av desse aktivitetane. Foreldre og lærarar kan legge inn utfyllande beskjedar for å ha ei felles oversikt over skoledagen, og planlegge aktivitetar basert på barnet sine ynskjer. Verktøyet skal fasilitere samarbeid mellom foreldre og lærarar, og bidra til ein meir forutsigbar kvardag for barn som opplever skolevegring.

KAPITTEL 6



2. Samtalepartneren

Utgangspunkt

I utviklinga av Samtalepartneren har målet vore å gjere tilbakemelding til noko lystbetont og kjekt for barnet.

I deteksjon av skolevegring er aukande fråvær ofte det som gjer at problemet vert oppdaga. Samstundes er det ikkje sikkert at eit barn som har problematisk fråvær, også har skolevegring. Tilsvarande kan eit barn ha lite skolefråvær, men framleis oppleve emosjonelt ubehag knytt til skolen.


Samtalepartneren kan vere eit supplement til registrering av fråvær, og gi auka forståing av barnet sitt perspektiv for foreldre og lærarar.

Å få barnet til å opne seg er viktig for å handtere skolevegring på ein effektiv måte. Samstundes viser funn frå innsiktsfasen at det kan vere vanskeleg for barnet å kommunisere kva som er problematisk. Utgangspunktet for konseptutviklinga er å gjere tilbakemelding på barnet sine premiss.

Eit viktig mål med utviklinga av denne prototypen har vore å få tilbakemelding frå målgruppa. Utviklinga av konseptet vert presentert, og ein prototype av Samtalepartneren vert testa med elevar frå 3. klasse på ein barneskole i Trondheim (s.140).

1) Handtere barnet sine tankar og kjensler relatert til skoledagen

2) Kartlegge kva som er problematisk for barnet



Samspel mellom kjensler, åtferd og tankar.


Kjensler - meningsfull tilbakemelding

I forskingslitteraturen vert skolevegning skildra ut frå motivasjonar hos barnet (s.25) samt kjenneteikn på åtferd (s.22). Sjølv om dette kan vere eit utgangspunkt for å forstå fenomenet frå eit overordna nivå, og gjenkjenne symptom på skolevegning, gir det ikkje nødvendigvis ei forståing for korleis barnet har det.

Ved å få tilbakemelding på barnet sine kjensler kan ein få eit meningsfullt innblikk i korleis hen har det. Samstundes kan det å kople kjensler knytt til spesifikke aspekt ved skolen vere eit utgangspunkt for å komme til bunns i problem som forårsakar skolevegning.

For barn med internaliserande symptom kan unngåing av aktivitetar som blir opplevde som ubehagelege gi opphav til negativt forsterkande sirkular (s.xx). For desse barna kan det å snakke om og dele kjenslene sine med andre vere eit steg for å bryte slike mønster.

KONSEPTUTVIKLING




Estetisk differensiale: formspråket er abstrakt og lekent.

Formspråk

Utforminga av eit andlet for avataren (sjå neste side) vart brukt som utgangspunkt for å definere eit visuelt formspråk. Eit **leKent**, **abstrakt uttrykk** har blitt utforma for å underbygge ein uformell, leken oppleving.


Dette estetiske uttrykket har vore rettleiande for utforminga av det grafiske innhaldet, inkludert val av fargar og skrifttype.

KAPITTEL 6




Utvikling av eit handteikna,
organisk andletsuttrykk.

KONSEPTUTVIKLING



Andletet sin utforming gjer det mogleg å uttrykkje ein variasjon av kjensler.



Forslag til personlegdomstrekk
for karakteren.

Utvikling av personlegdom


I utforminga av konseptet har eit viktig spørsmål å svare på vore:
Korleis kan utsjånaden og interaksjonen tilpassast ein 7-åring?

Utgangspunktet for interaksjonen er at barnet gir tilbakemelding ved å interagere med ein virtuell karakter. Føremålet med denne interaksjonsforma er å skape ei gøy oppleving for barnet. Karakteren sin personlegdom, åtferd, uttrykk og estetikk vil vere med på å definere opplevinga.

I tillegg kan det å interagere med ein karakter fungere som ein kognitiv distraksjon, ved at barnet skifter fokuset vekk frå seg sjølv i ein situasjon som elles kan opplevast som ein personleg evaluering.

Andletet har blitt utforma for å gje karakteren ein personlegdom. Ved å ta i bruk nokon enkle, abstraherte ansiktsformer, kan karakteren også respondere på tilbakemeldinga til barnet. Slik kan interaksjonen likne på ein samtale, ved at karakteren vekslar mellom å stille spørsmål og å reagere på tilbakemeldinga til barnet.

KONSEPTUTVIKLING



Avrunda former og variert fargebruk kan underbygge eit lekent, uformelt uttrykk.

Mock-up av grensesnitt: karakter stiller spørsmål.



Korleis stille spørsmål


Måten innhaldet vert presentert på, har mykje å seie for korleis ein responderer. I prosessen med å få tilbakemelding er det nokon faktorar som er særskilt viktige å tenkje på, blant anna korleis spørsmål vert stilt, kva som er hensikten med å stille spørsmåla, og kor mykje fridom som blir gitt til den som skal gje tilbakemelding.

Spørsmål kan ha ulike funksjonar. Nokon spørsmål stiller vi for å initiere ein samtale om eit tema. Desse spørsmåla kan til dømes starte med "Beskriv, forklar, fortell om". Andre spørsmål stiller vi for å få svar på konkrete ting vi lurer på. Desse spørsmåla består gjerne av ja-nei-formuleringar, eller rangering på ein skala frå 1 til 10.

Eit døme på eit spørsmål som ofte er meint å initiere ein samtale, men som kan bli møtt med eit kort svar, er *korleis har dagen din vore?*

I konseptet har eg vald å stille konkrete, enkle spørsmål. Ved å porsjonere informasjonen utover fleire spørsmål, er føremålet å presentere innhaldet for barnet på ein enkel og oversiktleg måte.

KONSEPTUTVIKLING





Prototype - Tilbakemelding på skoledagen

Ei målsetjing for konseptutviklingsfasen var å utvikle ein fungerande prototype som kunne brukast for å få tilbakemelding frå målgruppa: barn i aldersgruppa 7-9 år.

Innhaldet har blitt tilpassa slik at det ikkje tek utgangspunkt i at skolevegring er til stades. Spørsmåla er knytt til generelle betraktningar rundt skuledagen, og føremålet med testen er å få tilbakemelding på barna sin oppleving av interaksjonen.

I tillegg er det lagt inn spørsmål som ikkje handlar om spesifikke aspekt ved skoledagen. Dette var eit bevisst grep for å gjere besvaringa til noko uformelt, og å fokusere på andre aspekt enn opplevinga av skolen.

Retningslinjer for prototypen

Nedanfor er nokon retningslinjer for design til aldersgruppene 7-9 år med utgangspunkt i ein spelkontekst. Desse har blitt brukt i utviklinga av ein prototypen.

- 1.** Vis mål og hensikt på ein tydeleg måte.
- 2.** Ha eit klart sett med reglar.
- 3.** La barna tene og samle belønningar.

KAPITTEL 6

Gjenverande blad som skal samlast før ein oppnår belønninga til slutt.

Oppsamla blad viser framdrifta i tilbakemeldinga.



Aktivert svaralternativ.

Ved markert svaralternativ kan barnet trykke seg vidare.

Bakgrunnshistorie

Følgande bakgrunnshistorie vart definert for å gje ytterlegare personlegdom til karakteren, og for å definere nokon spelereglar for barnet.

"Bjørn er vegetarianer. Han er glad i å samle blad. Dersom barnet hjelper han med å samle blad - ved å svare på spørsmål - vil Bjørn gje barnet ei belønning som takk for hjelpa.

Etter kvart som barnet svarar på spørsmål, dukkar blada opp, og dei oppsamla blada representerer framdrifta i spelet. Når alle blada er samla, mottar barnet ei belønning."


InVision prototype

Innhaldet i prototypen vart laga i Adobe Illustrator, og det vart laga ein klikkbar versjon av prototypen ved hjelp av InVision. Denne versjonen vart laga for bruk på nettbrett (iPad). På motsett side er noko av innhaldet i prototypen forklart.


Gjennomgang av prototype

- 1. Spelereglane vert forklart.*
- 2. Barnet kan velje om hen vil svare på spørsmåla eller ikkje.*
- 3. Dersom barnet seier ja, startar karakteren å stille spørsmål. Nokon av spørsmåla er relatert til skolen, andre handlar om alt frå skigåing til favorittpålegg.*
- 4. Barnet tener og samlar opp blad ved å svare på spørsmåla.*
- 5. Når alle spørsmåla er besvarte, mottar barnet ei symbolsk belønning.*


KONSEPTUTVIKLING




Spelereglane blir forklart...




Bjørn forklarar korleis blada ser ut.



Spørsmål: "Hvordan var dagen din?"



Oppmuntring blir gitt undervegs.



Spørsmål: "Hva liker du best?"







Link til prototype i InVision:
<https://invis.io/ABKCGCH8GXE>

Test av prototype

Prototypen som vart skildra på side 135-140 vart testa med ei gruppe 3.klassingar (8-9 år) frå ein barneskole i Trondheim den 1.juni. Målet med denne testen var å finne ut korleis barna responderte på interaksjonen, og å få indikasjonar på om formatet var forståeleg for målgruppa.



Gjennomføring

Deltakrarar:

Ni 3.klassingar frå ein barneskole i Trondheim.

Tidspunkt:

11.00 - 12.30

Belønning/overrasking:

Sidan ein belønning ikkje var implementert i denne prototypen, vart jordbær brukt som ein overrasking etter at gruppene hadde gjennomført tilbakemeldinga.

I forkant av testen forklarte vi kven vi var, at vi forska på skolevegring, og at elevane kunne vere med og bidra til denne forskinga. Prototypen vart presentert på ein iPad, og elevane stod fritt til å utforske grensesnittet sjølve. Elevane vart delt opp i grupper på tre og tre, og veksla på å prøve ut prototypen.


KONSEPTUTVIKLING



Barna samarbeider om å svare på spørsmål.



Spørsmål: "Hvor mye gleder du deg til sommerferien?". Svar: 5 av 5.



Ein elev vurderer dei ulike svaralternativa.

Funn frå testen

Når fleire av barna var saman om å gje tilbakemelding, føregjekk det ein diskusjon innad i gruppene for å komme fram til det svaret som alle kunne vere einige om.

Gruppene klarte å gjennomføre testen utan nemneverdig hjelp eller rettleiing.

For dei elevane som deltok (3.klasse), verka det som det gjekk greit å forstå spørsmåla. Dei fleste barna las spørsmåla høgt til kvarandre.

Evaluering av test

Det er vanskeleg å vurdere korleis barna opplever det å gje tilbakemelding på denne måten. I etterkant spurde eg elevane kva dei syntest, men det var vanskeleg å få tilbakemelding utover "det var bra" eller "gøy" (ref. 'Korleis stille eit spørsmål' s.133). Det var lettare å ha ein samtale rundt konkrete aspekt ved innhaldet undervegs i testen, enn å få innspel i etterkant.

Detaljeringsnivået til ein prototype retta mot barn bør vere nokså høgt for å få ei meningsfull tilbakemelding.

I gjennomføringa av framtidige testar - og involvering av barn for øvrig - ville eg brukt meir tid på å samle kvalitativ innsikt, til dømes ved å la barna sjøve prøve ut prototypen i ulike brukssituasjonar i skolemiljøet, og forske på sine eigne premiss.

Kontekstuelle faktorar som omgjevnader, kor mange elevar som deltek og tid på dagen vil ha ein innverknad på korleis eit slikt verktøy vert brukt, og kva slags innhald som er hensiktsmessig å presentere.

Tilleggsspørsmål

I etterkant av gjennomgangen av prototypen spurde eg elevane eit sett med spørsmål. Desse var i hovudsak knytt til skolemiljøet. Nedanfor er nokre av spørsmåla og svara presentert.

**KVA ER VIKTIG FOR AT
BARN SKAL HA DET BRA
PÅ SKOLEN?**

**HVIS DU SER NOEN SOM STÅR
ALENE, BØR DU GÅ BORT TIL
HAN ELLER HENNE.**

**AT DU BØR VÆRE STILLE, OG
IKKE BRÅKE.**

**AT LÆREREN IKKE ER SÅ
STRENG.**

VÆRE HYGGELIG MOT ANDRE.

AT ALLE BIDRAR I KLASSEN.

**KVA KAN VI GJERE FOR AT
LÆRAREN SKAL HA DET
BRA?**

**IKKE BRÅK I TIMEN, DA KAN
LÆREREN FÅ HODEPINE.**

**IKKE KLAGE PÅ DET MAN SKAL
HA, FOR EKSEMPEL NATUR-
FAG.**

**HAR DU FORSLAG TIL KORLEIS
VI KAN GJERE DET GØYARE?**

**DU BØR LEGGE TIL EN
MORSOM KATTEVIDEO!**

Vidareutvikling: Samtalepartneren

Teksten nedanfor er ei oppsummering av mine tankar om korleis Samtalepartneren kan vidareutviklast. Dette er basert på tilbakemelding frå testing av prototypen, og min vurdering av kva som er viktig å fokusere på framover.

Involvere barn:

Ved ein vidareutvikling av Samtalepartneren ville eg fokusert på å involvere barn i alle delar av utviklingsprosessen, og gjerne hatt kontakt med ein skole eller gruppe med elevar over tid. For å ha meningsfulle og ærlege samtalar er det avgjerande å ha ein tillitsbasert relasjon, særleg i designprosessar der barn utgjer målgruppa.

Involvere foreldre og lærarar:

Sidan verktøyet er tiltenkt å implementerast i ein skolekontekst, er det viktig at alle dei involverte aktørane sine behov og ynskjer vert tatt med. Tanken er at verktøyet skal vere fleksibelt, og fungere åde som ein individuell tilbakemelding, og som ein felles gjennomgang som kan fasilitere samtalar mellom aktørar. Soleis er det viktig å involvere foreldre og lærarar, som er dei som til sjuande og sist vil ha det primære eigarskapet til eit slikt samtaleverktøy, og vere ansvarlege for korleis det vert brukt i ein praktisk kontekst.

Barnevennleg format:

Det kan også arbeidast med å gjere interaksjonen meir fyldig ved å legge inn animasjonar, og bruke audiovisuelt innhald som ein sentral del av interaksjonen. For barn i 3.klasse går det greit å forholde seg til enkle, tekstbaserte spørsmål, men for yngre barn vil det vere hensiktsmessig å bruke lyd og animasjonar for å kommunisere innhaldet. For øvrig kan retningslinjene i 'Design for barn' (s.53) vere eit utgangspunkt for vidare utvikling av konseptet.

Belønningssystem:

I konseptutviklinga har ikkje utforminga av eit belønningssystem vore eit fokus. Sjølv om ein implementerer virtuelle spelelement, er det framleis eit spørsmål kor vidt dette relaterer til handfaste belønningar. Eit døme på korleis eit belønningssystem kan implementerast er fastsettning av avtalar mellom barn og foreldre ('BrainGame Brian', s.73).



*DU KAN BRUKE ET BILDE, DA BLIR
DET LETTERE FOR DE SOM IKKE
ER VANT TIL Å LESE.*

Verdifull tilbakemelding frå
elev i 3. klasse





*NÅR BARN HAR VÆRT FLINKE, OG
SKAL FÅ BELØNNING, BØR DE FÅ BE-
STEMME HVA DE SKAL FÅ GJØRE, OG
IKKE LÆREREN.*

Ein elev i 3.klasse har klare meiningar om korleis belønningar skal bestemast.

Implementering i ein skolekontekst

Å få barnet i samtale er ein føresetnad for å ha ein meningsfull dialog i kvardagen, og for å få innsikt i korleis barnet opplever skoledagen. Samtalepartneren kan vere eit verktøy som gjer det enklare å forstå skoledagen frå barnet sitt perspektiv. Innsikta frå tilbakemeldinga kan foreldre og lærarar nyttiggjere seg når dei snakkar med barn eller utarbeider tiltak for å betre skolemiljøet.

Funksjonen til verktøyet vil avhenge av korleis det vert anvendt i ein praktisk kontekst. Detaljeringa og vidareutviklinga av konseptet vil i stor grad avhenge av kva slags fase verktøyet rettar seg mot ('Modell for handtering av skolevegring' s.xx). Nedanfor har eg skissert nokon brukskontekstar som verktøyet kan fungere i.

1) Førebygging:

I ein førebyggingskontekst kan verktøyet nyttast som ein **felles gjennomgang** av dagen. Elevane kan gje tilbakemelding på korleis dagen har gått, og trivselen knytt til ulike delar av skoledagen. Dette kan vere del av ein dagleg rutine i skoledagen, som ein del av arbeidet med å sikre eit godt skolemiljø for elevane.

2) Tidleg intervensjon:

I ein kartleggingskontekst kan verktøyet i større grad rettast mot **individuelle tilbakemelding**. Dette vil vere hensiktsmessig i dei tilfella der skole og heim er klar over at barnet opplever skoledagen som problematisk. Då kan spørsmål tilpassast for å kartlegge problematiske faktorar ('Kategoriar av skolevegring's.xx), og avdekke kva for underliggjande problem som forårsakar skolevegringa.

Foreldre og lærarar kan ha tilgang til dette verktøyet, og bruke det etter behov, til dømes ved:

- Forbereding i forkant av skolen
- Evaluering av skoledagen
- Samtale mellom foreldre og barn om korleis dagen har gått

I tillegg kan eit kartleggingsverktøy utvidast med ein meir responsiv funksjonalitet, der dei involverte aktørane kan få tips og råd basert på kartlegging av individuelle faktorar hos barnet. Ein slik funksjonalitet vil vere basert på innsamling av data over tid.

I krysningspunktet mellom UX (brukeroppleving) og AI (kunstig intelligens) vil ein slik individuell tilbakemelding vere mogleg.

Oppsummering

I dette kapitlet har utviklinga av Trivselsplanleggeren og Samtalepartneren blitt presentert. Fokuset i konseptutviklingsfasen har vore på Samtalepartneren.

Basert på eit lekent, abstrakt uttrykk har formspråket og innhaldet blitt tilverka med føremål om å gjere tilbakemelding til ein lystbetont oppleving for barnet. Ein prototype som viser korleis interaksjonen er meint å foregå har blitt utforma for å få tilbakemelding frå barn i målgruppa, og det har blitt tatt utgangspunkt i tilbakemelding på skoledagen i detaljering av innhaldet i denne prototypen.

Til slutt har eg kome med forslag til 1) vidare utvikling av Samtalepartneren, og 2) implementering i ein skolekontekst. I neste kapittel vil eg skissere korleis desse verktøya kan fungere i praksis ved å presentere to ulike bruksscenario.

KONSEPTUTVIKLING








Presentasjon av konsept

| | |
|--------------|-----|
| Introduksjon | 155 |
| Scenario 1 | 156 |
| Scenario 2 | 162 |


Introduksjon



Med utgangspunkt i 'Implementering i ein skolekontekst' på side 150, har to bruksscenario blitt utarbeidd for å vise korleis verktøyet kan fungere i ein skolekontekst.

Det første scenariet viser korleis Samtalepartneren kan fungere i ein **førebyggande fase**. Her er tanken at elevane i fellesskap kan gje tilbakemelding på slutten av skoledagen. Personaen Hans (s. 68) er brukt i dette scenariet.

Det andre scenariet viser korleis Trivselsplanleggeren og Samtalepartneren kan fungere i ein **handtering av skolevegving på eit tidleg stadium**. Dette scenariet har blitt laga ved hjelp av Adobe Spark; ein link til scenariet er lagt ved.




Scenario 1: Felles tilbakemelding

Dette scenariet viser korleis Samtalepartneren kan fungere i ein **førebyggande fase**. Her er tanken at elevane og læraren kan snakke om korleis skoledagen har vore, og høyre korleis dei andre har hatt det. Ved å handtere kjensler og tankar i fellesskap på slutten av dagen, kan Samtalepartneren leggje til rette for ein kontinuerleg dialog om skolemiljøet, samt fasilitere sosial tilhøyring og inkludering.

Aktørane:

Lærarar og elevar.


KAPITTEL 7



1. Hans har gått og tenkt på at han ikkje har nokon venner.



3. Det nærmar seg slutten av dagen. Sjølv om matte er favorittfaget, slit Hans med å konsentrere seg.




2. I friminuttet tidlegare på dagen fann han ikkje nokon å leike med.


PRESENTASJON AV KONSEPT



4. Læreren seier at det er tid for å gje tilbakemelding på korleis dagen har vore.



5. Elevane blir delt inn i mindre grupper, og samarbeider om å evaluere skoledagen.




6. Gruppene får utdelt kvart sitt nettbrett, og opnar Samtalepartnere.

KAPITTEL 7



6. Nokon spørsmål svarar dei på kvar for seg. Eit av spørsmåla er: "Hvor fornøyd er du med dagen din?"




7. Hans er litt usikker... han svarar til slutt 2 av 5: ikkje så bra.




8. Elevane snakkar saman om kvifor Hans ikkje har hatt det så bra.

PRESENTASJON AV KONSEPT



10. Elevane samlar seg. Læraren ber kvar gruppe om å dele med resten av klassen det dei har funne ut.




9. Når tilbakemeldinga er ferdig, ber læraren elevane om å samle seg i ein ring.



11. No er det gruppa til Hans sin tur til å dele. Læraren spør gruppa: "Har dere noe dere vil dele?"

12. Gruppa forklarar at Hans kjenner seg litt utanfor, og at han ikkje fann nokon å leike med i friminuttet.



13. Læraren spør om nokon har forslag til kva klassen kan gjere for å få Hans til å kjenne seg inkludert.



I FRIMINUTTET, HVIS DET ER EN LEK IKKE ALLE ER MED PÅ, SÅ MÅ MAN PASSE PÅ AT ALLE ER ENIGE OM LEKEN.

14. Elevane kjem med forslag til kva dei kan gjere.




15. Etterpå kjem nokon elevar og snakkar med Hans. Dei avtalar å leike saman i friminuttet i morgon.


PRESENTASJON AV KONSEPT



16. Å få støtte frå medelevane gjer at Hans slepp å gruble på ting resten av dagen.



17. Læraren seier det er bra at Hans seier ifrå. Ho spør korleis Hans kjenner seg no.



18. Hans seier at det var godt å høyre at dei andre elevane ville leike med han. Han kjenner seg lettare til sinns, og gleder seg allereie til neste friminutt.

KAPITTEL 7



Link til webforteljing:

<https://spark.adobe.com/page/QknuW4mCTBM0y/>



Ei mor og eit barn utgjer viktige aktørar
i scenario 2. © London Scout, henta
frå Unsplash.com

Scenario 2: Tidleg intervensjon

Dette scenariet har blitt utforma ved hjelp av Adobe Spark. Ein link til scenariet er på motsett side.

Scenariet viser korleis Trivselsplanleggeren og Samtalepartneren kan fungere i ein **handtering av skulevegring på eit tidleg stadium.**

Scenariet har blitt utforma med utgangspunkt i ein timeplan for ein 2.klasse, og med inspirasjon frå historier eg har høyrte frå både venner, foreldre og lærarar som har vore, eller har hatt barn med skulevegring. Sidan det er mange personar som har innverknad på ein elev sin skuledag, ville eg prøve å skildre dette mangfaldet, for å få ein nyansert forståing for skuledagen frå barnet sitt perspektiv.

Aktørane:

Foreldre, barn og lærarar.





Diskusjon

| | | |
|-------------------------------|----------|-----|
| | Prosess | 167 |
| Skolevegring - wicked problem | | 169 |
| | Resultat | 171 |

Prosess

Proessen har vore prega av iterasjon og diskusjon av ei rekkje idéar, samt utforsking av ulike konseptretningar. Innanfor dei ulike fasane har eg utvida fokuset der eg har vurdert dette som naudsynt, og avgrensa fokuset basert på analyse og samanslåing av innsikt, egne vurderingar, samt rettleiing og tilbakemelding undervegs.

Forståing for problemstillinga

Det at oppgåva har ein nokså omfattande innsiktsfase, er eit resultat av at eg ynskte å få ei heilskapleg forståing for skolevegringsproblematikken. Det innleiande litteraturstudiet var nyttig for å skaffe eit overblikk over skolevegring som fenomen, samstundes viste det seg at skolevegring som omgrep er vanskeleg å definere.

I staden for å ta utgangspunkt i utfordringar knytt til skolevegringsomgrepet, har eg undervegs i oppgåva forsøkt å identifisere konkrete utfordringar knytt til handteringa av skolevegring hos dei aktørane som er involverte i denne prosessen. Dette har medført ein utforsking av faktorar som er indirekte relatert til skolevegringsproblematikken. Til dømes har eg i innsiktsfasen betrakta skolevegring frå ulike perspektiv. Dette har ikkje resultert i ein endeleg oversikt over skolevegring, men ei tilstrekkeleg forståing som har gjort meg i stand til å adressere konkrete utfordringar hos dei involverte aktørane i utforsking av idéar, og seinare konseptutviklinga.

Avgrensing av oppgåva

Avgrensingar av oppgåva undervegs har vore eit premiss for å utvikle eit konsept som tek tak i konkrete utfordringar for dei involverte aktørane. Dei vala eg har tatt undervegs i prosessen, har eg i stor grad basert på samtalar med personar som har fortalt om sine erfaringar knytt til skolevegring.

Frå skolevegring til skoletrivsel

Utover i prosessen valde eg å fokusere mindre på skolevegring som fenomen, og meir på faktorar som skaper trivsel i skolekvardagen. Funn frå innsiktsfasen viser også at den praktiske handteringa av skolevegring fokuserer på trivselsfremjande tiltak. Å forstå kva slags prosessar som fører til trivsel trur eg er nøkkelen til å arbeide målretta for å handtere skolevegring.

REFLEKSJON



Skolevegring - wicked problem?

I artikkelen «Dilemmas in a General Theory of Planning» skriv Rittel & Webber om *wicked problems* - eller ustyrlege problem - innanfor sosial politikk. Dei definerer ustyrlege problem ut frå ti karakteristikkar (Rittel & Webber, 1973). Eg synes desse oppsummerer skolevegringsproblematikken på ein god måte. Nedanfor har eg kopla karakteristikane til mine vurdering av skolevegring.

1. Det fins ingen endeleg definisjon av eit ustyrleg problem.

Det har blitt gjort mange forsøk på å definere skolevegring, men ein endeleg definisjon av problemet eksisterer ikkje.

2. Ustyrlege problem har ikkje noko endepunkt.

Skolevegring eksisterer på tvers av årsaksfaktorar, fysiske plassar og type personar.

3. Løysingar på ustyrlege problem er ikkje rett-eller-gale, men betre eller verre.

Handtering av skolevegring er basert på erfaringar og intuisjonar, forhandling mellom fleire aktørar, og innsatsen til enkeltpersonar.

4. Det fins ingen umiddelbar eller endeleg test av ei løysing til eit ustyrleg problem.

Ein kan ikkje fastslå kor vidt eit tiltak mot skolevegring vil fungere på førehand, eller kva effekten vil vere.

5. Kvar løysing til eit ustyrleg problem er eit eingongsforsøk; fordi det ikkje fins nokon moglegheit til å lære ved prøving og feiling, vil kvart forsøk telje.

Alle intervensjonar mot skolevegring vil ha ein innverknad, enten på barnet sjølv, på familien, på skolen eller på skolemiljøet.

6. Ustyrlege problem har korkje ei endeleg mengde potensielle løysingar eller eit veldefinert sett med operasjonar for planlegginga.

Det fins ingen avgresningar for moglege intervensjonar mot skolevegtring og kva dei bør innehalde, og det praktiske innhaldet i intervensjonane er vanskeleg å beskrive.

7. Kvalt ustyrlege problem er unikt.

Kvalt barn som opplever skolevegtring har sin eigen historie. Å forstå skolevegtring er ikkje det same som å forstå eit barn som opplever skolevegtring.

8. Alle ustyrlege problem kan betraktast som symptom på eit anna problem.

Skolevegtring er ei samlenemning på symptom som bidrar til emosjonelt ubehag. Ei forståing av dei underliggande faktorane er eit premiss for handtering av skolevegtring.

9. Ustyrlege problem representerer avvik som kan forklarast på ulike måtar. Valet av forklaring vil bestemme utforminga av løysinga.

Måten vi definerer og kategoriserer emosjonelt ubehag knytt til skolen vil leggje føringar for handteringa av skolevegtring.

Resultat

Innsikts- og analysearbeidet i denne oppgåva gir eit innblikk i skolevegringsproblematikken, både gjennom eit litteraturstudie og gjennom kvalitative metodar som intervju og observasjonar. Idéutforskinga og konseptutviklinga fokuserer på ein avgrensa del av skolevegringsproblematikken.

Handteringa av skolevegring inneber eit samspel mellom ei rekkje aktørar på tvers av skole, heim og omgjevnadane. Det er ein prosess som involverer handtering av ei rekkje mindre utfordringar. Løysingsforslaget i denne oppgåva er eit forsøk på å adressere nokon av desse utfordringane.

Trivselsplanleggeren

Kommunikasjon mellom skole og heim kan vere ei utfordring når eit barn opplever skolevegring. I ein tidleg fase av skolevegring vil koordingering på tvers av skole og heim kunne bidra til at barnet sine ynskjer og interesser vert ivaretatt. Sjølv om det å komme seg på skolen er viktig for å ha ein fagleg og sosial utvikling, kan det vere naudsynt å gjere små justeringar for å ivareta barnet sin trivsel. I ein slik kontekst kan Trivselsplanleggeren leggje til rette for ein fleksibel planlegging og gjennomføring av skoledagen, og gje dei involverte aktørane eit verktøy som kan tilpassast individuelle behov.

Samtalepartneren

Å handtere tankar og kjensler kan vere ei utfordring for nokon barn. Ved å gjere tilbakemelding på barnet sine premiss, kan Samtalepartneren gjere kartlegging av skolemiljøet til ein lystbetont rutine. Då kan dei involverte aktørane få ei meningsfull innsikt i barnet sin oppleving av skolemiljøet over tid. Eg trur denne innsikta kan bidra til eit betre beslutningsgrunnlag for å vurdere korleis barnet har det, og for å jobbe målretta med å skape trivsel, både på skolenivå og for kvart enkelt barn.



Litteraturliste

ABUP. (2015, 26.05.2015). Skolevegring. Retrieved from <http://www.abup.no/psykisk-helse/skolevegring/>

Barn enhet B. (2018). Retrieved from <https://oslo-universitetssykehus.no/avdelinger/klinikk-psykisk-helse-og-avhengighet/barne-og-ungdomspsykiatrisk-avdeling/barneseksjonen-psykisk-helse/barn-enhet-b>

Beidas, R. S., Crawley, S. A., Mychailyszyn, M. P., Comer, J. S., & Kendall, P. C. (2010). Cognitive-behavioral treatment of anxious youth with comorbid school refusal: Clinical presentation and treatment response. *Psihologjske teme*, 19(2), 255-271.

Berg, I., Butler, A., & Hall, G. (1976). The outcome of adolescent school phobia. *The British Journal of Psychiatry*, 128(1), 80-85.

Berg, I., & Jackson, A. (1985). Teenage school refusers grow up: a follow-up study of 168 subjects, ten years on average after in-patient treatment. *The British Journal of Psychiatry*, 147(4), 366-370.

Brandslet, S. (2015). Lite støtte til små barn med psykiske lidelser. Retrieved from <https://forskning.no/psykiske-lidelser-barn-og-ungdom-psykologi-skole-og-utdanning/2015/02/lite-stotte-til-barn-med>

Connolly, T. M., Boyle, E. A., MacArthur, E., Hainey, T., & Boyle, J. M. (2012). A systematic literature review of empirical evidence on computer games and serious games. *Computers & Education*, 59(2), 661-686.

Coping Cat. (2016). Retrieved from <http://www.cebc4cw.org/program/coping-cat/detailed>

Council, D. (2018). The Design Process: What is the Double Diamond. Retrieved from <https://www.designcouncil.org.uk/news-opinion/design-process-what-double-diamond>

Cowley, B., Charles, D., Black, M., & Hickey, R. (2008). Toward an understanding of flow in video games. *Computers in Entertainment (CIE)*, 6(2), 20.

Flakierska-Praquin, N., Lindström, M., & Gillberg, C. (1997). School phobia with separation anxiety disorder: A comparative 20- to 29-year follow-up study of 35 school refusers. *Comprehensive Psychiatry*, 38(1), 17-22. doi:10.1016/S0010-440X(97)90048-1

Fremont, W. P. (2003). School refusal in children and adolescents. *Am Fam Physician*, 68(8), 1555-1560.

Gelman, D. L. (2014). *Design for kids: digital products for playing and learning*: Rosenfeld Media.

Gjennomføring og frafall i skolen. (2015, 08.09.2017). Retrieved from https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Oppvekst/Barnehage_og_skole/Gjennomforing_og_frafall_i_skolen/

Grønli, K. S. (2014). De fleste som dropper ut av skolen får jobb etter hvert. Retrieved from <https://forskning.no/barn-og-ungdom-pedagogiske-fag-skole-og-utdanning/2014/05/de-fleste-som-dropper-ut-av-skolen-far>

Guare, R. E., & Cooper, B. S. (2003). *Truancy revisited: Students as school consumers*: Scarecrow Pr.

Guide, C. s. D. (2018). *Principles of Designing for Children*. Retrieved from <https://childrensdesignguide.org/principles/>

Hanington, B., & Martin, B. (2012). *Universal methods of design: 100 ways to research complex problems, develop innovative ideas, and design effective solutions*: Rockport Publishers.

Helsedirektoratet. (2018). *Psykisk helsevern for barn og unge*. Retrieved from <https://helsedirektoratet.no/folkehelse/psykisk-helse-og-rus/psykisk-helsevern/psykisk-helsevern-for-barn-og-unge>

Heyne, D. (2006). School refusal. In *Practitioner's guide to evidence-based psychotherapy* (pp. 600-619): Springer.

Heyne, D., & King, N. J. (2004). Treatment of school refusal. *Handbook of interventions that work with children and adolescents: Prevention and treatment*, 243-272.

Heyne, D., King, N. J., Tonge, B. J., Rollings, S., Young, D., Pritchard, M., & Ollendick, T. H. (2002). Evaluation of child therapy and caregiver training in the treatment of school refusal. *Journal of the American Academy of Child & Adolescent Psychiatry*, 41(6), 687-695.

Hva er aktivitetsskolen (AKS)? (2018). Retrieved from <https://www.oslo.kommune.no/skole-og-utdanning/aktivitetsskolen/hva-er-aktivitetsskolen/>

Kearney, C. A. (1996). The evolution and reconciliation of taxonomic strategies for school refusal behavior. *Clinical Psychology: Science and Practice*, 3(4), 339-354.

Kearney, C. A. (2001). School refusal behavior in youth : a functional approach to assessment and treatment. In.

Kearney, C. A. (2002). Identifying the Function of School Refusal Behavior: A Revision of the School Refusal Assessment Scale. *Journal of Psychopathology and Behavioral Assessment*, 24(4), 235-245. doi:10.1023/a:1020774932043

Kearney, C. A., & Beasley, J. F. (1994). The clinical treatment of school refusal behavior: A survey of referral and practice characteristics. *Psychology in the Schools*, 31(2), 128-132. doi:10.1002/1520-6807(199404)31:2<128::AID-PITS2310310207>3.0.CO;2-5

Kearney, C. A., & Graczyk, P. (2014). A response to intervention model to promote school attendance and decrease school absenteeism. *Child & Youth Care Forum*, 43(1), 1-25. doi:10.1007/s10566-013-9222-1

Kearney, C. A., & Spear, M. (2012). School refusal behavior. *School-based cognitive-behavioral interventions. Cognitive-behavioral interventions in educational settings: A handbook for practice*, 161-183.

Kendall, P. C., & Hedtke, K. A. (2006). *Cognitive-behavioral therapy for anxious children: Therapist manual*.

King, N. J., Tonge, B. J., Heyne, D., Pritchard, M., Rollings, S., Young, D., . . . Ollendick, T. H. (1998). Cognitive-behavioral treatment of school-refusing children: A

controlled evaluation. *Journal of the American Academy of Child & Adolescent Psychiatry*, 37(4), 395-403.

Knollmann, M., Knoll, S., Reissner, V., Metzelaars, J., & Hebebrand, J. (2010). School avoidance from the point of view of child and adolescent psychiatry: symptomatology, development, course, and treatment. *Deutsches Arzteblatt International*, 107(4), 43.

Kvande, M. N., Belsky, J., & Wichstrøm, L. (2017). Selection for special education services: the role of gender and socio-economic status. *European Journal of Special Needs Education*, 1-15. doi:10.1080/08856257.2017.1373493

Lene Solheim, M. D.-T., Torgeir Granvik Andersen, Helene Grønvold. (2009). *Skolevegning: en praktisk og faglig veileder*.

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), 9 C.F.R. (2018).

Løvereide, S. (2011). *Forskning om skolevegning*. Retrieved from <https://utdanningsforskning.no/artikler/forskning-om-skolevegning/>

Lumsden, J., Edwards, E. A., Lawrence, N. S., Coyle, D., & Munafò, M. R. (2016). Gamification of cognitive assessment and cognitive training: a systematic review of applications and efficacy. *JMIR serious games*, 4(2).

Maynard, B. R., Heyne, D., Brendel, K. E., Bulanda, J. J., Thompson, A. M., & Pigott, T. D. (2018). Treatment for School Refusal Among Children and Adolescents: A Systematic Review and Meta-Analysis. *Research on Social Work Practice*, 28(1), 56-67. doi:10.1177/1049731515598619

McAnanly, E. (1986). School phobia: The importance of prompt intervention. *Journal of school health*, 56(10), 433-436.

McCune, N., & Hynes, J. (2005). Ten year follow-up of refusal. *Ir J Psych Med*, 22(2), 56-58.

McGonigal, J. (2012, 15.10.2012). *How Might Video Games Be Good For Us*. Retrieved from <https://www.bigquestiononline.com/2012/10/15/how-might-video-games-good/>

Midt-Norge, H. (2018, 02.03.2018). Blimedno -en folkehelsekonferanse for og med barn og unge. Retrieved from <https://helse-midt.no/nyheter/2018/blimedno-en-folkehelsekonferanse-for-og-med-barn-og-unge>

Mostad, L. (2018). Han vil lage spill-app mot skolevegring. Fredrikstad Blad. Retrieved from <http://www.sv.uio.no/psi/om/aktuelt/i-media/2018/vedlegg/spill-app-mot-skolevegring.pdf>

Mychailyszyn, M. P., Beidas, R. S., Benjamin, C. L., Edmunds, J. M., Podell, J. L., Cohen, J. S., & Kendall, P. C. (2011). Assessing and treating child anxiety in schools. *Psychology in the Schools*, 48(3), 223-232. doi:10.1002/pits.20548

Oner, O., Yurtbasi, P., Er, A., & Basoglu, N. (2014). The inpatient treatment process for severe school refusal. *Klinik Psikofarmakoloji Bülteni-Bulletin of Clinical Psychopharmacology*, 24(2), 176-179.

Paulsen, C. T. (2014). Skolevegring: Én i hver klasse. *PSYKISK HELSE*, 5. Retrieved from <https://psykiskhelse.no/bladet/2015/skolevegring-%C3%A9n-i-hver-klasse>

Piaget's theory of cognitive development. (2018). Retrieved from https://en.wikipedia.org/wiki/Piaget%27s_theory_of_cognitive_development#Concrete_operational_stage

PPT for barn. (2018, 14.05.2018). Retrieved from <https://www.trondheim.kommune.no/tema/skole/trondheimsskolen/ppt/>

Prins, P. J., Brink, E. T., DAVIS, S., Ponsioen, A., Geurts, H. M., de Vries, M., & van der Oord, S. (2013). "Braingame Brian": Toward an Executive Function Training Program with Game Elements for Children with ADHD and Cognitive Control Problems. *Games Health J*, 2(1), 44-49. doi:10.1089/g4h.2013.0004

Read, B., Archer, L., & Leathwood, C. (2003). Challenging cultures? Student conceptions of 'belonging' and 'isolation' at a post-1992 university. *Studies in higher education*, 28(3), 261-277.

Rittel, H. W., & Webber, M. M. (1973). Dilemmas in a general theory of planning. *Policy sciences*, 4(2), 155-169.

Ryan, R. M., & Deci, E. L. (2000a). Intrinsic and Extrinsic Motivations: Classic Definitions and New Directions. *Contemporary Educational Psychology*, 25(1), 54-67. doi:<https://doi.org/10.1006/ceps.1999.1020>

Ryan, R. M., & Deci, E. L. (2000b). Self-determination theory and the facilitation of intrinsic motivation, social development, and well-being. *American Psychologist*, 55(1), 68-78. doi:10.1037/0003-066X.55.1.68

Schoenwald, S. K., & Hoagwood, K. (2001). Effectiveness, transportability, and dissemination of interventions: what matters when? *Psychiatr Serv*, 52(9), 1190-1197. doi:10.1176/appi.ps.52.9.1190

Sewell, J. (2008). School refusal. *Aust Fam Physician*, 37(6), 406-408.

Silverman, W. K., & Hinshaw, S. P. (2008). The second special issue on evidence-based psychosocial treatments for children and adolescents: A 10-year update. *Journal of Clinical Child & Adolescent Psychology*, 37(1), 1-7.

Thambirajah, M., Grandison, K. J., & De-Hayes, L. (2008). *Understanding school refusal: A handbook for professionals in education, health and social care*: Jessica Kingsley Publishers.

Theng, Y. L., Lee, J. W., Patinadan, P. V., & Foo, S. S. (2015). The Use of Videogames, Gamification, and Virtual Environments in the Self-Management of Diabetes: A Systematic Review of Evidence. *Games Health J*, 4(5), 352-361. doi:10.1089/g4h.2014.0114

Tonkinwise, C. (2015). Design for Transitions—from and to what? *Design Philosophy Papers*, 13(1), 85-92.

Trivselsleder. (2018). Om Trivselsprogrammet. Retrieved from <https://trivselsleder.no/om-trivselsprogrammet>

Utdanning.no. (2018a). Grunnskolelærer. Retrieved from <https://utdanning.no/yrker/beskrivelse/grunnskolelaerer>

Utdanning.no. (2018b). Spesialpedagog. Retrieved from <https://utdanning.no/yrker/beskrivelse/spesialpedagog>

Valles, E., & Oddy, M. (1984). The influence of a return to school on the long-term adjustment of school refusers. *Journal of Adolescence*, 7(1), 35-44.

Walkup, J. T., Albano, A. M., Piacentini, J., Birmaher, B., Compton, S. N., Sherrill, J. T., . . . Waslick, B. (2008). Cognitive behavioral therapy, sertraline, or a combination in childhood anxiety. *New England Journal of Medicine*, 359(26), 2753-2766.

Wichstrøm, L. (2018). Tidlig trygg i Trondheim. Retrieved from <https://tidligtrygg.no/Pages/Om-TtiT.aspx>

Verkstad 1.mars - konsept

1

“Hjemme bra men skole best!”

Skildring av konsept:

“En app der mor har oversikt over skolen sin ukeplan, kan kommunisere med læreren og mottar påminnelser og oppmuntringer. En avgrenset versjon av appen som gutten har tilgang til, inneholder påminnelser om kva som skal skje og oppmuntringer.”

2

Friminuttet

“Vi bestemmer”

Skildring av konsept:

Elevane i klassen bruker Friminutt-appen for å føreslå aktivitetar dei vil gjere på skulen, og stemmer på desse kvelden før.

Minihistorie:

“Hallstein er 9 år. Han går på en stor barneskole i byen. Før gruet han seg til friminuttene fordi han ikke visste hvem han skulle leke med. Nå har alle i klassen fått en app hvor venner er representert med avatarer. De avtaler kvelden før hva de skal leke i friminuttet. De har stemt over hva de skal gjøre. I morgen skal de leke gjemsel.”

3

Veien tilbake

“Trives på skolen!”

Skildring av konsept:

Tilrettelegging og myndiggjering av elev som opplever støy og uro i klassen.

Minihistorie:

“Eleven uteble fra skolen pga. for mye bråk i klassen. Skolen forsøkte med tilgang på skjermet rom. Eleven kunne da selv skjerme seg i den grad han trengte det. Eleven kom tilbake til skolen, og det skjermede rommet ble etter hvert mindre brukt.”









